

# Årsmelding


---

# 2012





Solnedgang over Strandefjorden.



Utsyn frå Valdres Alpinsenter mot Skogshorn.

Biletet på framsida: Vinterstemning i Aurdal.

Alle bileta er måla av Tormod Bruflat, han finn du meir informasjon om på siste side.

## Innhold

GENERELL INFORMASJON .....	4
1. Banken og verksemda .....	4
2. Viktige hendingar i 2012 .....	5
3. Finansiell kalender 2013 .....	6
4. Nøkkeltal for SpareBank 1 Hallingdal Valdres .....	7
ÅRSRAPPORT .....	9
5. Årsmelding 2012 .....	9
6. Resultatrekneskap .....	20
7. Balanse per 31. desember 2012 .....	22
8. Endring i eigenkapital .....	24
9. Kontantstrømoppstilling .....	25
10. Noter til konsernrekneskapen 2012 .....	26
11. Erklæring frå styret og dagleg leiar .....	44
12. Revisjonsberetning 2012 .....	45
13. Kontrollkomiteens si årsmelding 2012 .....	47
ANNA INFORMASJON .....	48
14. Hovudorganisasjon .....	48
15. Presentasjon av styret .....	49
16. Forstandarskap, kontrollkomite og revisjon .....	50

# GENERELL INFORMASJON

## 1. Banken og verksemda

### Historikk

Banken har ei lang og tradisjonsrik historie som går attende til 1868. I Hallingdal har banken sitt utspring fra Aal Sparebank som vart starta i 1870 og Hemsedal Sparebank som opna i 1907. Desse bankane fusjonerte i 1999. I Valdres starta drifta med Øystre Slidre Sparebank i 1868. Øystre Slidre Sparebank vart innfusjonert i 2012.

### Visjon, verdiar og mål

Konsernet sin visjon er å vere «anbefalt av kunden» i konsernet sitt marknadsområde, Hallingdal og Valdres, og drifta skal vere tufta på verdiane «nær» og «dyktig».

SpareBank 1 Hallingdal Valdres skal oppnå auka inntening gjennom samarbeid om kundeleveransar på tvers av konsernet sine forretningsområde. Målgruppa er alle kundegrupper med tilknyting til Hallingdal og Valdres. Konsernet skal profilerast som ein aktiv støttespelar som gir verdi for lokalt samfunnsliv, og framstå som ein nær og dyktig lokal aktør med behovstilpassa løysingar for kundane.

Konsernet skal framstå som ein attraktiv og god arbeidsplass med medarbeidarar som er prega av vilje og evne til kontinuerleg læring.

Konsernet har ei målsetting om å oppnå ei god eigenkapitalavkastning for å bevare konsernet si sjølvstende og ha god soliditet.

### Forretningsområde

SpareBank 1 Hallingdal Valdres er i dag eit konsern med verksemd innafor fleire område. Sparebankverksemda er kjernen i konsernet og konsernstrukturen tek utgangspunkt i gjeldande lovverk for sparebankar.

Konsernet driv i tillegg verksemd innafor områda, rekneskapsføring, eigedomsmekling, investeringsverksemd og lokalt samfunnsengasjement. I tillegg kjem meir interne område som fellesfunksjonar og eigedomsutvikling av eigne lokale.

Desse verksemndene blir drive gjennom eigne datterselskap som er HallingRegnskap AS og Valdres Rekneskap AS innafor regnskapsføring. Eigedomsmekling blir drive av selskapet EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Drift av eigedomar skjer gjennom datterselskapet SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og investeringar gjennom SpareBank 1 Hallingdal Invest AS.

### Marknadsområde

Konsernet sitt marknadsområde er Hallingdal og Valdres. I Hallingdal ligg tyngdepunktet i kommunane Ål, Gol og Hemsedal, medan i Valdres er tyngdepunktet i Øystre Slidre og Nord-Aurdal kommune.

### Verksemda

Verksemda er bygd opp omkring dei lokale bankkontora samt eit kundesenter med utvida opningstider. Rådgjevinga skal vere bygd på god lokalkunnskap og høg fagleg kompetanse som gjer verksemda fleksibel og effektiv.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har ikkje hovudkontor. Bankverksemda blir drive frå sju likeverdige fullservicekontor lokalisert i tettstadene Ål, Hemsedal, Gol, Geilo, Fagernes, Heggenes og Beitostølen.

Dotterselskapet HallingRegnskap AS er lokalisert i Nesbyen, Flå, Gol og Hemsedal. Valdres Regnskap AS er lokalisert på Heggenes og Fagernes. EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS er lokalisert på Geilo, Ål, Gol og Hemsedal.

### SpareBank 1-alliansen

SpareBank 1-alliansen vart grunnlagt i 1996. Alliansen er eit bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankane i Norge samarbeider gjennom det felles eigde holdingselskapet SpareBank 1 Gruppen AS. Eit overordna mål for Alliansen er å sikre den einskilde bank si sjølvstende og regionale forankring gjennom sterk konkurranseevne, lønsemid og soliditet. Samstundes representerer SpareBank 1-alliansen eit konkurransemessig fullverdig bankalternativ på nasjonalt nivå.

SpareBank 1-alliansen er samla sett den største tilbydaren av finansielle produkt og tenester i den norske marknaden. Alliansen har etablert ein nasjonal marknadsprofil og utvikla ein felles strategi for merkevarebygging og kommunikasjon. Den marknadsmessige plattforma dannar også basis for felles produkt- og konseptutvikling. Marknadsinnsatsen er i hovudsak retta mot personmarknaden, små og mellomstore bedrifter og forbund tilknytt LO. Både bankane og produktområda hevdar seg godt i konkurransebiletet og resultatutviklinga er god.

SpareBank 1-alliansen består per 31.12.12 av 15 sjølvstendige bankar, 2 felles eigde forretningsbankar og SpareBank 1 Gruppen konsern.

Dei 15 sjølvstendige bankane i alliansen er:

- SpareBank 1 SR-Bank
- SpareBank 1 Nord-Norge
- SpareBank 1 SMN
- Sparebanken Hedmark
- samt ei samanslutning av fleire mindre sparebankar under namnet Samarbeidende Sparebanker (SamSpar):
  - SpareBank 1 Buskerud-Vestfold
  - SpareBank 1 Gudbrandsdal
  - SpareBank 1 Hallingdal Valdres
  - SpareBank 1 Lom og Skjåk
  - SpareBank 1 Modum
  - SpareBank 1 Nordvest
  - SpareBank 1 Nøtterøy-Tønsberg
  - SpareBank 1 Ringerike Hadeland
  - SpareBank 1 Søre Sunnmøre
  - SpareBank 1 Telemark
  - SpareBank 1 Østfold Akershus

Dei 2 felleseigde forretningsbankane er Bank 1 Oslo Akershus og BN Bank ASA. I januar 2013 auka Sparebanken Hedmark samt LO og tilknytte fagforbund sine eigardelar i SpareBank 1 Oslo Akershus AS til høvesvis 40,5 og 29,9 %. Auken skjedde etter kjøp av aksjar frå SpareBank 1 SR-bank ASA, SpareBank 1 SMN og SpareBank 1 Nord-Norge.

SpareBank 1 Gruppen AS er morselskapet i konsernet som består av:

- SpareBank 1 Skadeforsikring AS (100 %) – som eig 100 % av aksjane i Unison Forsikring AS
- SpareBank 1 Livsforsikring AS (100 %)
- ODIN Forvaltning AS (100 %)
- SpareBank 1 Medlemskort AS (100 %)
- SpareBank 1 Gruppen Finans AS (100 %) – som eig 100 % av aksjane i Conecto AS
- SpareBank 1 Markets AS (97,55 %)

Dei felles hovudfunksjonane innan SpareBank 1-alliansen er todelt:

1. Drive og utvikle finanskonserten med produksjon og leveranse av konkurransedyktige produkt og tenester for distribusjon gjennom alliansebankane og andre bankar som har distribusjonsavtale med selskap i SpareBank 1 Gruppen og LO. Dette arbeidet er organisert i selskapet SpareBank 1 Gruppen AS, som er eigmeldt:
  - SpareBank 1 SR-Bank (19,5 %)
  - SpareBank 1 Nord-Norge (19,5 %)
  - SpareBank 1 SMN (19,5 %)
  - Samarbeidende Sparebanker AS (19,5 %)
  - Sparebanken Hedmark (12 %)
  - Landsorganisasjonen/ fagforbund tilknytt LO (10 %), som ikkje er ein del av alliansen.

2. Drive og utvikle alliansesamarbeidet med felles forvaltning, utvikling og gjennomføring av aktivitetar som gir stordrifts- og kompetansefordelar. Dette arbeidet er organisert i selskapet

Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA, som utgjer den administrative overbygginga for alliansesamarbeidet. Selskapet sørger for finansiering av og eigarskap til applikasjonar, konsept, kontraktar og merkevare for deltakarane i alliansesamarbeidet.

- Selskapet Alliansesamarbeidet SpareBank 1 DA som er eigmeldt:
  - SpareBank 1 SR-Bank ASA (17,74 %)
  - SpareBank 1 SMN (17,74 %)
  - SpareBank 1 Nord-Norge (17,74 %)
  - Samarbeidende Sparebanker Utvikling DA (17,74 %)
  - Sparebanken Hedmark (11,30 %)
  - SpareBank 1 Gruppen AS (10,00 %)
  - Bank 1 Oslo AS (7,74 %)

Bankane i SpareBank 1-alliansen distribuerer SpareBank 1 Gruppen sine produkt og samarbeider på sentrale område som merkevare, arbeidsprosessar, kompetansebygging, IT-drift, systemutvikling og innkjøp. Alliansen har inngått strategiske samarbeidsavtalar med LO og LOs fagforbund, og leverer finanzielle produkt og tenester til LO sine medlemer gjennom fordelsprogrammet LOfavør.

Produktselskapa etablert under SpareBank 1 Gruppen AS og alliansebankane har utvikla ei felles teknologiplattform. Erfaringsutveksling og overføring av kompetanse innafor alliansen, basert på beste praksis, er eit viktig element for å utvikle alliansen vidare. Som eit ledd i denne satsinga er det etablert kompetansesenter for høvesvis Kredittstyring i Stavanger, Betaling i Trondheim og Læring i Tromsø.

## 2. Viktige hendingar i 2012

### Januar:

- Vedteke fusjon mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank.
- Kjøp av alle aksjane i Valdres Regnskap AS, eit selskap med 28 tilsette på kjøpstidspunktet.

### Mai:

- Kjøp av alle aksjane i HallingRegnskap AS, eit selskap med 27 tilsette på kjøpstidspunktet.

### Juni:

- Fusjonsplanane mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank godkjent av Finansdepartementet.

### Oktober:

- Innfusjonering av Hemsedal Regnskap AS (10 tilsette) i HallingRegnskap AS.

### November:

- Gjennomføring av teknisk og juridisk fusjon av SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank. Den fusjonerte banken heiter SpareBank 1 Hallingdal Valdres.
- Etablering av Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Valdres som blir eigarar av banken sine eigenkapitalbevis.

## 3. Finansiell kalender 2013

### **11. FEBRUAR**

Styremøte offisiell rekneskap for 2012.

### **6. MARS**

Forstandarskapsmøte og fastsetting  
av årsoppgjer og utbytte.

### **14. MAI**

Resultat 1. kvartal

### **14. AUGUST**

Resultat 2. kvartal

### **14. NOVEMBER**

Resultat 3. kvartal

## 4. Nøkkeltal for SpareBank 1 Hallingdal Valdres

Konsern	2012	2011	2010	2009	2008
<b>Resultatrekneskap (tusen kroner)</b>					
Netto renteinntekter	108.011	101.625	103.871	97.656	107.578
Netto provisjons- og andre inntekter	118.657	87.668	88.095	85.943	31.492
Driftskostnader	182.005	116.250	94.534	102.570	101.765
Resultat før tap	44.663	73.043	97.432	81.029	37.305
Tap på utlån og garantiar	16.002	11.090	13.314	6.661	12.537
Årsoverskot	23.177	45.993	73.590	58.402	9.920
<b>Balanse (tusen kroner)</b>					
Brutto utlån	5.840.924	5.029.856	4.866.300	4.783.063	4.514.369
Brutto utlån inkl. overføring SpareBank 1 Boligkreditt	7.067.572	5.795.329	5.550.297	5.263.213	4.845.657
Individuelle nedskrivningar og nedskriving på grupper av utlån	36.303	50.453	39.997	26.035	26.505
Innskot frå kundar	4.508.794	3.715.702	3.535.088	3.507.248	3.273.173
Forvaltningskapital	6.781.991	5.921.055	5.819.225	5.738.082	5.851.977
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	6.351.523	5.870.140	5.778.654	5.795.030	5.453.131
Gjennomsnittleg eigenkapital	907.121	832.171	788.053	727.976	684.095
<b>Nøkkeltal (%)</b>					
Rentenetto	1,59	1,72	1,78	1,70	1,84
Driftskostnader	2,68	1,96	1,62	1,79	1,74
Kostnadsprosent	80,3	61,4	49,2	55,9	73,2
Tapsprosentutlån	0,28	0,22	0,28	0,14	0,28
Misleghald (netto)	1,88	1,91	1,77	1,24	3,03
Innskotsdekning	77,2	73,9	72,6	73,3	72,5
Totalrentabilitet	0,36	0,78	1,28	1,01	0,18
Eigenkapitalavkastning etter skatt	2,56	5,53	9,35	8,03	1,44
Kapitaldekningsprosent	15,54	16,08	16,93	15,53	16,01
Kjernekapitalprosent	15,54	16,08	16,93	15,53	16,01
Vekst i innskot	21,3	5,1	0,8	7,2	21,9
Vekst i bruttoutlån	16,1	3,4	1,7	6,0	0,9
Vekst i brutto utlån inkl. overføring SpareBank 1 Boligkreditt	22,0	4,4	5,5	8,6	7,3

### Definisjonar

#### Rentenetto

- Netto renteinntekter i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

#### Driftskostnader

- Personalkostnader, IT-kostnader, ordinære avskrivningar og andre driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

#### Kostnadsprosent

- Driftskostnader i % av netto inntekter

#### Tapsprosent utlån

- Årets tapsavsetninger på utlån og garantiar i % av brutto utlån

#### Misleghaldsprosent

- Netto misleghelde engasjement (over 90 dagar) i prosent av brutto engasjement

#### Totalrentabilitet

- Resultat etter tap og skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital

#### Eigenkapitalavkastning

- Resultat før øvrige resultatpostar i % av gjennomsnittleg eigenkapital

#### Kapitaldeknings

- Netto ansvarleg kapital i % av beregningsgrunnlaget

#### Kjernekapitaldeknings

- Kjernekapital i % av beregningsgrunnlaget

**Bankmagasinet 2013:** Stabburshella side 6-9 • Bluegrass side 20-21 • Øystre Slidre IL side 46-47

# LokalKapital 1

## Bankmagasinet 2013



**SpareBank  
HALLINGDAL VALDRES** 1

I Bankmagasinet kan du få eit innblikk i kva for verdiar banken fører attende til lokalsamfunnet.

Kom innom banken eller ring 03202 dersom du ynskjer Bankmagasinet.

# ÅRSRAPPORT

## 5. Årsmelding 2012

SpareBank 1 Hallingdal Valdres er ved utgangen av 2012 den ca. 25. største av totalt ca 110 sparebankar i Norge. Banken har ikkje noko hovudkontor, men har fullservicekontor på Geilo, Ål, Gol, Hemsedal i Hallingdal og Beitostølen, Heggenes og Fagernes i Valdres.

Banken har i løpet av 2012 utstedt eigenkapitalbevis der Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre er eigarar av desse etter fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank i 2012.

Banken fører rekneskapen etter norske rekneskapsreglar, NGAAP (Norwegian Generally Accepted Accounting Principles). Dette er reglar som er nedfelt i rekneskapslova frå 1988 og God regnskapsskikk i Norge.

Kommentarane i årsmeldinga er i hovudsak knytt til morbanken sin rekneskap sidan denne utgjer grunnlaget for utdeling av utbytte og avsetningar. Konserntal blir særskild kommentert.

### Verksemdsområde og marknad

I konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres inngår morbanken og datterselskapene innafor eigedomsmekling, rekneskapsføring, bygningsdrift og investeringar. I tillegg er banken deltakar i tre felleskontrollerte verksemder og eit tilknytt selskap jf. note 2.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres sin primære geografiske marknad er avgrensa til dalføra Hallingdal og Valdres, men innslaget av bankkundar busett i Oslo/Akershus er nokså betydeleg. Konsernet er totalleverandør av produkt og tenester innafor følgjande forretningsområde:

- Betalingsformidling
- Finansiering
- Forsikring
- Sparing og plassering
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring

Konsernet har styrka verksemdsområda banktenester og rekneskapsføring i 2012 gjennom bankfusjonen med Øystre Slidre og kjøp av rekneskapselskapet Valdres Regnskap AS og HallingRegnskap AS. Innafor rekneskapsføring har konsernet no blitt ein betydeleg og leiande aktør i regionen.

Innafor banktenester har konsernet ein bra marknadsandel i marknadsområdet, og i kommunane Ål, Hemsedal og Heggenes er den svært stor. Innafor eigedomsmekling er selskapet størst i Hallingdal. Innafor rekneskapsføring er ein leiande i Hallingdal og av dei største i Valdres.

### Hovudtrekk i 2012

#### Økonomi – samanlikna mot fjoråret:

- Årsresultat prega av fusjon med kostnader langt utover eit normalår.

- Auka tapskostnader.
- Reduksjon i individuelle tapsnedskrivingar.
- Auka innskotsvekst.
- Auka utlånsvekst.
- Litt redusert, men god soliditet.

#### Nasjonale og globale marknads- og rammevilkår:

- Høgt aktivitetsnivå i Norge. Norsk økonomi er noko prega av ubalanse i Europa.
- Stabil og låg arbeidsløyse.
- Aukande investeringsvilje og kredittevekst i bedriftsmarknaden.
- Stabil kredittevekst i privatmarknaden.
- Høg vekst i bustadprisar.
- Lågt rentenivå og inflasjon.
- Sterk konkurransen i den norske bankmarknaden.
- Positiv utvikling (nedgang i kredittpåslag på funding i løpet av året).
- Aukande krav til eigenkapital og likviditet.

### Generelle rammevilkår framover

#### Det globale makrobiletet i 2013

2012 har vore eit svakt år for global økonomi. Den økonomiske veksten har jamt over vore svakare enn forventa og usikkerheten har vore og er framleis stor. I vår del av verda, Europa og USA, er biletet i stor grad prega av den store finanspolitiske ubalanse som oppstod etter finanskrisa i 2008. Stort forbruk på statlige hender med tilhøyrande sterkt vekst i offentlig gjeld førte til ei tillitskrise i finansmarknaden.

Rentene steig i mange land, offentlege utgifter vart kutta og skattar og avgifter vart auka. Resultatet vart ein vond spiral med stadig svakare vekst og stadig høgare arbeidsløyse i mange Europeiske land.

Gjennom fjoråret såg ein betydelege forskjellar i økonomisk utvikling mellom land og mellom regionar. Den globale veksten er i all hovudsak drive av framveksande økonomiar, der spesielt Kina er viktig. I USA var 2012 eit vendepunkt med ein vekst som etter kvart stabiliserte seg og viste klare teikn til betring. Europa er det «sjuke barnet» i verda med resesjon og høg arbeidsløyse i fleire land i Sør-Europa.

Kina er svært viktig for global vekst. I første del av 2012 såg ein ei klart svakare utvikling med lågare vekstrate i industriproduksjon og eksport. Saman med økt politisk fokus på innanlands konsum, førte dette til ein reduksjon av innanlands BNP og dermed bekymring for global vekst. Mot slutten av året betra både eksport og produksjon seg slik at optimismen er tilbake for 2013.

USA har hatt nokre svake år sidan finanskrisa i 2008. Først i 2012 såg ein at bustadmarknaden på nytt viser teikn til både prisstigning og aktivitetssauke. Dette saman med klar betring i arbeidsmarknaden, gir grunn til positive forventningar til 2013.

Europa har vore sorgjeleg svakt gjennom 2012. Euro-området gjekk inn i resesjon i andre halvår. I fleire land er arbeidsløysa på over 20 %. Låg eller negativ vekst kombinert med høg arbeidsløyse gjer at trusselen mot den sosiale stabiliteten er merkbar. Lyspunktet i Europa var i første halvår knytt til mindre svak utvikling i Nord-Europa, der spesielt Tyskland held god stand lenge. I 3. og 4. kvartal vart det rett nok tydeleg at sjølv vekstlokomotiva i nord begynte å slite.

Mot slutten av året ser ein klare teikn til stabilisering på mange område. Industriproduksjonen og utanrikshandelen i Sør-Europa viser betring. Framtidsindikatorar for industriproduksjonen i Euro-området har snudd og viser positive teikn inn i 2013.

#### **Finansmarknaden**

Gjeldskrisa og dei svake utsiktene til økonomisk vekst har ført til stor usikkerheit i finansmarknaden. Renta på statsobligasjoner i land med svak økonomi har vore svært høg, men vart redusert noko mot slutten av året. I land som Tyskland og USA har utviklinga gått i motsatt retning. Parallelt med dette har risikopåslaga i pengemarknaden vore på eit høgt nivå. Nye låneneopptak innafor finanssektoren har vore gjort på prisnivå me sist såg i samband med finanskrisa for tre år sidan. Ein fallande tendens gjennom året har fått prisane ned på 2010-nivå ved utgangen av 2012.

Svak vekst og finansuro har gjort at mange land har ført og fører ein ekspansiv pengepolitikk. Styringsrenta i mange industriland er nær null prosent. I tillegg har blant anna ECB vore med på å tilføre likviditet til bankar innafor Eurosona.

#### **Det norske makrobiletet framover**

Norge står fram i stadig tydeligare grad som eit annleisland i Europa. Det som skil oss ut er i stor grad knytt til våre sterke statsfinansar, våre store overskot på statsbudsjettet og utanriksrekneskapen, samt den handlefridomen dette gir oss. Den store drivkrafta i norsk økonomi er openbart knytt til investeringsaktiviteten i Nordsjøen.

Den oljerelaterte industrien går med full kapasitet og slit med å skaffe nok kompetanse. I motsatt ende er tradisjonell eksportretta næringsliv som slit med svake internasjonale konjunkturar, og ein sterk kronekurs.

Norske forbrukarar har hatt gode rammevilkår i 2012. Lønsveksten har vore god, rentene er låge og arbeidsløysa er låg. På tross av dette har veksten i privat konsum vore moderat. Veksten i bustadprisar har vore eit fokusområde i 2012. Prisstigninga er sterk, sterkare enn det som kan forklarast med lønsvekst, og vesentlig sterkare enn i andre land det er naturleg å samanlikne seg med. Dette kan være ei kime til potensiell finansiell ustabilitet nokre år fram i tid.

Utsiktene for 2013 er gode, men avhengig av at oljeaktiviteten held fram på same nivå.

#### **Kredittvekst**

Kredittveksten til bedrifter har vore nokså låg dei siste åra, og har liggje rundt 5 % som og vart veksten i 2012. Lokalt har etterspørselet teke seg noko opp i 2012 og det er venta at den positive veksten vil halde fram i 2013.

For hushald har veksten dei siste 3 åra vore mellom 6,1 og 6,9 %. I 2012 enda den på 6,5 %. Finanstilsynet kom med nye retningsliner for forsvarleg utlånspraksis for lån til bustadføremål gjeldande frå 2012, men så langt ser det ikkje ut til at det har dempa veksten i nemneverdig grad. I 2013 er det venta ein vekst på om lag same nivå som i 2012.

#### **Andre rammevilkår**

Dei siste åra har det kome auka marknads-/myndighetskrav til styrking av eigenkapital- og likviditets-situasjonen i finansnæringa. Mange norske bankar har styrka sin eigenkapital for å posisjonere seg i høve til framtidige krav. I tillegg til høgare kapitalkrav, vil det koma krav til å byggje opp ein kapitalbuffer i gode tider.

Norges Bank og Finanstilsynet ser med uro på utviklinga i norske bustadprisar og norske hushald sin gjeldsvekst, og har sett fram forslag om å auke vektinga på bustadlån slik at bankane må halde meir kapital. Dette vil gjere bustadlån dyrare og dermed reknar ein med det vil dempe utlånsveksten.

Innafor likviditetsområdet ser ein også ei oppbygging av større bufferar. I forslag til nye reglar på området er det sett fokus på kvaliteten på likviditetsbufferen. Ei innskotskrone er ikkje nødvendigvis ei krone. I tillegg vil det koma krav til at bankane har tilstrekkeleg langsiktig finansiering. No er ikkje reglane klare, korkje frå EU si side eller frå Finanstilsynet i Norge. Så seint som i januar-13 kom det nye signal om oppmuking på krava i høve til det som først var foreslått.

Uansett innhald vil bankane i framtida få lågare avkastning på likviditetsreserven og følgjeleg redusert inntening.

#### **Bankfusjon**

19.01.2012 vedtok forstandarskapa i SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank å fusjonere bankane. Dette vedtaket vart gjort etter ein god prosess mellom styra og andre tillitsvalde i dei to bankane hausten 2011.

Målet med fusjonen er å skapa ein meir framtidsretta bank for dalføra Hallingdal og Valdres, ikkje minst for eksisterande og framtidige kundar både i person og bedriftsmarknaden. Parallelt med vedtaket om fusjonen vart det også vedteke å opprette to stiftelsar, Sparebankstiftelsen Hallingdal og Sparebankstiftelsen Øystre Slidre. Desse er no eigalarar av banken sine eigenkapitalbevis. Stiftelsane vil vere operative frå 1. kvartal 2013.

Den tekniske og juridiske fusjonen vart gjennomført den 23.11.2012, og gikk svært bra. Teknisk fusjon mellom to bankar er ein ressurs- og kostnadskrevjande prosess, spesielt når bankane er knytt til to ulike it-plattformar. Planleggingsarbeidet starta rett etter forstandarskapsvedtaka i januar. Fram til sommaren vart malar og rutinar etablert. Første prøvekonvertering var allereie i juni 2012.

Banken har hatt fokus på kvalitet og sikkerheit gjennom heile prosjektperioden. Kommunikasjonen og samarbeidet med våre hovudsamarbeidspartnarar EVRY, SDC, Terra og SpareBank 1 har vore god, og har gitt god tryggleik for den kvalitet som har vore nødvendig.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har involvert dei tilsette i arbeidet med å legge til rette for at arbeidsoppgåvene i ny organisasjon skal bli meiningsfylte og framtidsretta, både for banken og den enkelte medarbeidar.

Kundane i tidlegare Øystre Slidre Sparebank har etter fusjonen måtte tilpasse seg nye system. Endringar vil alltid kunne bli oppfatta som litt nytt og uvant i den første perioden. Banken har hatt fullt fokus på kundesupport og har sett av ekstra personell på kundesenteret for å takle pågangen på best mogeleg måte.

For å kunne handtere kundane sine utfordringar, vil ikkje banken sitt fusjonsprosjekt bli avvikla før i 2. kvartal i 2013.

## SpareBank 1 Hallingdal Valdres si bankverksemdu i 2012

Året 2012 har vore dominert av fusjonen, men ei målsetting har vore at kundane skulle merke lite til dette arbeidet. Det skulle vere «business as usual» i bankverksemdu.

I samband med fusjonen kjøpte SpareBank 1 Forsikring skadeforsikringsporteføljen som Øystre Slidre Sparebank hadde i frå Terra Forsikring. Storleiken på denne porteføljen var i overkant av 10 mill. fordelt på privat, bedrift og landbruk.

Innafor forsikringsområdet har banken også i 2012 jobba aktivt mot bedriftskundar, både med omsyn til etablering av OTP-avtalar, personalforsikring, nærings- og landbruksforsikring.

Porteføljen på skadeforsikring til bedriftsmarknaden (BM) er på 13 mill. kroner ved utgangen av året. Porteføljen på landbruk har også hatt ein fin vekst og runda 5 mill. ved årsskifte.

Kundane er svært fornøgde med å få samla bank og forsikring på ein stad.

Me har også hatt fokus på kompetanseheving i 2012 og banken har no 35 godkjente skadeforsikringsrådgjevarar innan privatmarknaden (PM) fordelt på våre 7 kontor.

Porteføljen på skadeforsikring PM har passert 37 mill. kroner ved utgangen av 2012.

Kontanthandtering på bankkontora våre er kraftig redusert dei seinare åra. Dei aller fleste bankkundane nyttar i dag ei eller anna form for automatisert betalingsteneste. Bruk av Smart-telefonar og nettrett som betalingskanal har verkeleg teke av i 2012. Frå 1,1 mill. påloggingar i januar var talet på innloggingar i desember 3,2 mill. innloggingar. I løpet av året vart totalen 25,7 mill påloggingar i mobilbanken. Det er en vekst på nesten 200 % på eit år.

SpareBank 1 har hatt som målsetting å bli best på mobilbank, og ein er på god veg til å nå det målet. Konkurrentane våre vil nok koma etter, så konkurransefordelen må utnyttast medan den er der.

Ein ny trend viser at ein del kundar faktisk kuttar ut vanleg nettbank til fordel for mobilbanken. 2,49 % av dei aktive mobilbankkundane har ikkje brukt nettbanken sin på 3 månadar.


Bruken av dei andre sjølvhjelpane tenestene er enno ikkje på nivå med betalingslösingane, men den vil bli meir utbreidd i åra som kjem. Ein føresetnad for at kundane skal ta i bruk desse tenestene er at dei får service og hjelp på nivå med det du får på bankkontoret. Me jobbar for at tenestene våre skal henge saman, og at kundane skal få dei same gode svara anten dei kontaktar oss på Facebook eller på sitt lokale bankkontor. Det er lagt mykje arbeid i å sikre at det kunden har gjort sjølv av tenester er tilgjengeleg for rådgivaren og motsett. Eit døme på dette er lånesøknad gjennom nettbanken der kunden legg inn opplysningsane sine før møtet med rådgjevaren. På den måten sparar kunden tid i møte med banken og pengar gjennom rimelegare etableringsgebyr.

Etter nokre år med relativt moderat etterspørsel etter lån og kredittar, har me i 2012 sett at etterspørselen så smått har tatt seg opp att. Det er særleg i bedriftsmarknaden etterspørselen har auka. Finanskrisa fekk moderat innverknad på mykje av marknaden i Norge, og bedriftene ser no ut til å ha meir tru på framtida.

Tidlegare implementerte nettbaserte løsingar for utlånsida har ikkje hatt særleg stort fokus dette året. Store forseinkringar i pågående prosessar med blant anna ny løsing for nettlån og elektronisk tinglysning har ført til at ein ikkje har kunna ta i bruk fullgode løsingar. Dette er forventa å koma på plass i løpet av 2013.

Utlånsverksemdu er prega av mange formalitetar, og krava til kvalitet i arbeidet er høge. Bankens mangeårige arbeid med å sikre tilstrekkeleg kvalitet i utlånsarbeidet er vidareført også i 2012.

Kvalitetskontrollane me gjer i eigen regi, samt kontrollar utført av eksterne ressursar, viser at tiltak som er sett i verk har hatt ønska effekt, og at kvaliteten i kredittarbeidet blir stadig betre.



2012 har vore prega av urolege marknadar som i stor grad skuldast dei store gjeldsutfordringane i Europa og USA. Gjennom året har ECB og politikarar vist stor handlekraft for å gjere det som skal til for å få økonomien i gang att.

Vårt hovudprodukt på spareområdet, Puls-konto, er knytt til Nibor-rente med tillegg av ein margin. I 2012 har me opplevd eit kraftig fall i Nibor-renta, samstundes som konkurransesituasjonen på innskot er tilnærma uendra. Dette har ført til at renta på Puls-konto har blitt sett avvikande frå vedteke rentemekanisme i 8 av 12 månader.

Banken har i 2012 hatt 4 fastrentetilbod, noko som har vore godt motteke av kundane. Ved årskiftet utgjer fastrenteinnskot ca 141 mill. kroner. Alle som har fastrente får tilbod om fornying i eit nytt fastrenteprodukt i 2013.

Det er ikkje avdekkja alvorlege avvik på internkontrollar gjort på Mifid. Banken har hatt Ernst & Young på besøk for å vurdere kvaliteten. Rapporten viser at det er behov for nokre justeringar i våre rutinar og kontrollar, men ikkje noko av alvorlig art.

Fusjon med Øystre Slidre Sparebank tok mykje fokus på hausten, men for plasserings-området gjekk fusjonen rimelig greitt. Banken har fått til ei avtale med Terra Fond om vidareføring av provisjonsinntekter som banken kan leve med. Jobben med å få kundar over på banken sitt aksjehandelssystem og våre fond er i full gang. Det same gjeld innskot.

Totalt resultat på området er litt under forventa nivå for både for sals- og provisjonsinntekter. Det same gjeld provisjonsinntekter for produkt utanom bankbalansen.

## Resultatutvikling

### **Resultatet for 2012 i morbank**

Resultatrekneskapen for morbanken i 2012 viser drift i SpareBank 1 Hallingdal fram til 23. november og for den fusjonerte banken frå og med 23. november. Slik sett ser ein ikkje den store påverknaden på rekneskapen. Likevel påverkar fusjonen banken sitt årsresultat i stor grad pga. den store ressursbruken og timeinnsatsen som er lagt ned i arbeidet. Akkumulert overskot i Øystre Slidre Sparebank fram til fusjonstidspunktet vart tillagt eigenkapitalen i fusjonen.

Årsoverskotet etter skatt for rekneskapsåret 2012 i

morbanken vart 23 mill. kroner som er ein reduksjon på 9,1 mill. kroner i høve til 2011. Dette gir ein eigenkapitalavkastning på 2,24 % mot 3,99 % i 2011.

Banken sine netto renteinntekter vart 110,4 mill. kroner som er ein auke frå 2011 på 5,9 mill. kroner. Målt i høve til gjennomsnittleg forvaltningskapital (GFK) aukar rentenettoen kun 0,01 prosentpoeng til 1,83 %. Inntekter frå overført låneportefølje til SpareBank 1 Boligkredit blir klassifisert som provisjonsinntekter, ikkje som renteinntekt. Innteninga frå denne porteføljen tilsvasar ei inntekt på 0,12 % av GFK. Slik sett blir samla inntekter knytt til utlån 1,95 % av GFK mot 1,88 % i 2011.

Sum netto andre driftsinntekter utgjorde 60,6 mill. kroner eller 1,01 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Morbanken har i 2012 bokført utbytte på til saman 7,7 mill. kroner på ulike aksjepostar. Det største utbyttet kjem frå Samarbeidende Sparebanker AS på 6,7 mill. kroner. Dette er utbytte frå SpareBank 1 Gruppen som blir kanalisiert gjennom selskapet som er eigd av dei mindre bankane i SpareBank 1. Utover dette utgjer utbytte frå andre anleggaksjor vel 4,4 mill. kroner og utbytte frå omløpsaksjor 0,8 mill. kroner.

Banken sine datterselskap blir innarbeidd i rekneskapen etter eigenkapitalmetoden. Etter denne metoden blir banken sin del av eigenkapitalen berekna og resultatet inntektsført i samsvar med denne andelen. Alle banken sine datterselskap er 100 % eigd av banken.


Datterselskap utgjer ei netto utgift på 4,5 mill. kroner som følgje av goodwill-avskrivinger knytt til kjøp av datterselskap dei siste åra.

Netto provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester var i 2012 på 43,6 mill. kroner som er ein auke på 7,6 mill. kroner. Heile auken skriv seg frå provisjonsinntekter for lån overført til boligkredit. Årsaka er ei positiv utvikling i boligkreditselskapet sin fundingkostnad gjennom året. «Innkjøpskostnaden» på kapital har gått ned og det aukar provisjonsinntektene frå dei overførte låna.

Netto resultat frå finansielle eidegar i banken ga eit positivt resultat i 2012 på 5,3 mill kroner mot berre 0,6 mill. kroner i 2011. Mykje av resultatbetrิงa skriv seg frå tilbakeføring av nedskrivinger som vart gjort i 2011. Tilbakeføringane utgjer 3,6 mill. kroner. Resterande vekst kjem frå aksjar og verdipapirfond med 2,3 mill. kroner og gevinst på valutatransaksjonar med 0,9 mill. kroner.

Driftskostnadene i 2012 er i stor grad påverka av førebuing og gjennomføring av fusjonen mellom SpareBank 1 Hallingdal og Øystre Slidre Sparebank. Den har medført eit betydeleg tenestekjøp frå bankane sine dataleverandørar. I tillegg har førebuingane ført til mykje overtidsarbeid i forkant, under og etter den tekniske gjennomføringa noko som har auka lønskostnaden meir enn venta. Fusjonsarbeidet har også ført til noko auka reiseverksem og dermed høgare reisekostnader.

Samla kostnader aukar frå 93,5 mill. kroner i 2011 til 126,6 mill. kroner i 2012. Kostnadsveksten kjem gjennom ein auke på 8,7 mill. i lønskostnader, 4,9 mill. i administrasjonskostnader og 19,1 mill. i andre kostnader. Fusjonskostnadane er i stor grad kostnadsført i 2012.




Figuren viser kostnadsprosenten dei siste 5 åra. For 2012 viser den kostnadsprosenten med og utan fusjonskostnader. Den høgaste soyla viser inkl. fusjonskostnader.

Banken sin kostnadsprosent i 2012 er 74,6. Samanlikna mot året før på 61,7 er dette ein stor auke. Om ein korrigerer for fusjonsrelaterte postar er kostnadsprosenten 64,2, men då er ikkje interne kostnader som løn og reisekostnader teke med. Dette er godt over banken si målsetting og det vil bli arbeidd hardt i 2013 for å koma ned på eit nivå som er i tråd med målsettinga.

Låne- og garantiporteføljen er gjennomgått og vurdert i samsvar med retningsliner fra Finanstilsynet. Banken sin administrasjon går kvar månad gjennom privat- og bedriftsmarknaden med konkret vurdering av tapsutsette engasjement. Minimum to gonger i året blir det lagt fram sak til styret med innstilling på tapsføring og nedskrivning. Meir informasjon om desse vurderingane er omtala i nota om generelle reknesaksprinsipp.

Banken hadde i 2012 eit netto tap på utlån og garantiar på 16 mill. kroner. I motsetnad til dei siste åra, er det i 2012 gjort ein del konstatering av tap på engasjement som tidlegare har hatt tapsnedskrivingar. Det viser seg at det er tidkrevjande å arbeide med engasjement som får problem. Det går relativt lang tid frå det tidspunktet tapsforskrifta krev nedskriving til endeleg konstatering skjer.



Banken sin betalbare skatt for 2012 er rekna til 5,4 mill. kroner på bakgrunn av resultatnedgangen. I tillegg gjer omdanninga av eigenkapitalen til eigenkapitalbevis sitt til at formueskatten blir redusert med vel 2 mill. kroner.

Årsresultatet på 23 mill. kroner etter skatt er noko lågare enn styret sine forventningar.


### **Resultatet for 2012 i konsernet**

Det er morbanken som utgjer dei største resultatpostane i konsernrekneskapen. Datterselskapa blir konsolidert inn i konsernrekneskapen med både inntekter og kostnader. Transaksjonar mellom selskapa blir eliminert.

Konsernet sin resultatandel frå dei felleskontrollerte verksemndene Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar), Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II AS blir inntektsført i konsernresultatet, og evt. utbetalt utbytte i året blir eliminert for ikkje å få dobbel verknad.

Resultatet frå SpareBank 1 Gruppen blir innarbeidd etter eigenkapitalmetoden i konsernrekneskapen gjennom Samarbeidende Sparebanker AS (SamSpar). Banken sin andel av dette utgjer 5,3 mill. kroner, men tidlegare omtala motteke utbytte på 6,8 mill. kroner blir eliminert slik at netto verknad i konsernrekneskapen er -1,5 mill. kroner i høve til morbankresultatet.

SpareBank 1 kjøpte Glitnir Bank hausten 2008. SamSpar sin eigardel er lagt inn i selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Banken sin resultatandel frå dette selskapet utgjer 2,2 mill. kroner. Motteke utbytte i året er på 2,3 mill. kroner. I selskapet Samarbeidende Sparebanker Bankinvest II AS er resultatandelen inntektsført med 2 mill. kroner. Her var motteke utbytte i 2012 på 0,5 mill. kroner. Det samla bidraget frå alliansen inn konsernrekneskapen utgjer dermed 9,5 mill. kroner.




Driftsresultatet før skatt i konsernet vart 28,7 mill. kroner, mot 61,3 mill. kroner i 2011.

Resultat etter skatt enda på 23,2 mill. kroner mot 46 mill. i 2011. Dette gir ein eigenkapitalrentabilitet etter skatt på 2,6 %.

## Balanseutvikling

Konsernet hadde ved utgangen av 2012 ein forvaltningskapital på 6.782 mill. kroner, som er ein auke på 861 mill. kroner eller 14,5 % frå utgangen av 2011. Veksten kjem i hovudsak frå innfusjoneringa av Øystre Slidre Sparebank som påvirkar balanseverdiane for utlån og innskot.



Brutto utlån auka 811,1 mill. kroner, eller 16,1 % i 2012. Veksten i 2011 var 3,4 %.

Ved årsskiftet hadde banken overført bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS for 1.200 mill. kroner. I tillegg kjem ei låneportefølje på snautt 30 mill. kroner som tidlegare Øystre Slidre Sparebank har overført til Terra Boligkreditt AS. Tek me omsyn til overføringer er reell utlånsvekst i konsernrekneskapen 21,5 %.

Banken hadde ved årsskiftet fastrenteutlån med bindings-tid opp til 10 år på til saman 310,8 mill. kroner i eigne bøker. Fastrente-utlåna er delvis sikra gjennom rentebytteavtalar medan noko inngår i banken sin samla renterisiko.

Brutto utlånsengasjement som har vore misleghalde i meir enn 90 dagar utgjer 122,5 mill. kroner, mot 120,5 mill. i 2011. Misleghaldet utgjer 2,1 % av brutto utlån. Dei samla tapsnedskrivingane er redusert frå 50,5 mill. i 2011 til 36,3 mill. kroner ved utgangen av 2012. Nedgangen kjem i dei individuelle nedskrivingane som er redusert frå 27,5 mill. til 13,8 mill. Årsaka er dei tidlegare omtala tapskonstateringane i året.


Styret vurderer nedskrivingane til å vere tilstrekkelege i høve til identifiserte tapshendingar som har funne stad ved årets slutt.

Avsetningsgrad for misleghalde engasjement er 10,3 % og for andre tapsutsette engasjement 32,1 %. I 2011 var avsetningsgraden til samanlikning 22,9 % og 25,4 %. Reduksjonen i avsetningsgrad for misleghalde engasjement i 2012 skuldast dei konstateringane som er gjort på engasjement som tidlegare var nedskrive.

Utlån og garantiar fordelt på sektorar og risiko er nærmare omtala i note 3.

Ved årsskiftet hadde konsernet eit innskotsvolum frå kundar på 4.509 mill. kroner. Innskotsveksten var på 793 mill. kroner eller 21,3 %. Også her kjem mykje av veksten frå tilført volum ved bankfusjonen. Dette gir konsernet ei innskotsdekning ved utgangen av 2012 på 77,2 % noko som er ein auke frå 73,9 % i 2011. I morbanken er innskotsdekninga 76,2 % mot 72,8 % året før. I tillegg til fusjonen er overført volum til boligkreditt auka med over 400 mill. i året. Dette er med på å halde utlånsvolumet i balansen nede og følgjeleg betre innskotsdekninga.


**Innskotsdekning (%), morbank**



Fundingskostnadane på innlån har dei siste åra vore generelt høge. I løpet av 2012 har dette betra seg ein del gjennom nedgang i marknadsrenta (3 mnd Nibor) og lågare kredittpåslag i finansmarknaden. Dei høge kostnadane har ført til auka overføring av lån til boligkreditt for å avlaste banken sitt fundingbehov. Banken vil i 2013 halde fram med å auke overføringsvolumet til boligkreditt-selskapet.

Etter forslag til utbytte utgjer konsernet sin eigenkapital ved utgangen av året 970,3 mill. kroner. Konsernet sin eigenkapitalandel er på 14,3 %.

**Eigenkapital (mill. kr), konsern**



## Disponering av årsoverskot

Utbytte på eigenkapitalbevis kan delast ut av sparebanken sitt årsoverskot og må vere i samsvar med forsiktig og god forretningsskikk. Sparebankar kan difor ikkje garantere

ein fast framtidig utbytte på eigenkapitalbevisa. Storleiken på utbyttet vil avhenge av sparebanken sitt driftsresultat og utbyttepolitikk

Styret foreslår at overskotet til disposisjon for SpareBank 1 Hallingdal Valdres på kr 22.994.094,- blir disponert slik:

#### **Disponeringar:**

Utbytte på eigenkapitalbevis (kr 1,14 per bevis)	kr 9.185.000,-
Overført til sparebanken sitt fond	kr 8.062.000,-
Overført fra gavefond	kr -1.807.000,-
Overført til gåver	kr 1.807.000,-
Overført til utjamningsfond	kr 3.678.000,-
Overført til anna eigenkapital (grunnfond/kompensasjonsfond)	kr 2.069.000,-
<b>Sum disponeringar</b>	<b>kr 22.994.000,-</b>

#### **Eigarstyring og selskapsleiing (Corporate governance)**

Eigarstyring og selskapsleiing i SpareBank 1 Hallingdal Valdres omfattar dei mål og overordna prinsipp som konsernet skal styraast og kontrollerast etter for å sikre innskytarane og andre grupper sine interesser. Konsernet si verksemderstyring skal sikre ei forsvarleg formuesforvaltning, og gje auka tryggleik for at kommuniserte mål og strategiar blir nådd og realisert.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har som eit resultat av dette vedteke at selskapet skal følgje «Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse (corporate governance)» av 21. oktober 2010, med dei tilpassingar som følgjer av at selskapet er ein sparebank utan børsnotert eigarkapital, som blir omsett regelmessig.

I tråd med desse anbefalingane har banken styret oppnemnd eit revisjonsutval og eit utval for godtgjersler i banken.

#### **Riskostyring**

Kjerneverksemda til banknæringa er å oppnå verdiskaping gjennom å ta bevisst og akseptabel risiko. Konsernet arbeider med å vidareutvikle risikostyringssystem og prosessar i tråd med leiande praksis.

Risiko- og kapitalstyringa i SpareBank 1 Hallingdal Valdres støttar opp under konsernet si strategiske utvikling og måloppnåing, og sikrar samstundes finansiell stabilitet og forsvarleg formuesforvaltning.

Styret handsamar kvartalsvis ein overordna risikorapport. Banken har i 2012 vidareutvikla rammeverket for risikostyring og risikorapportering gjennom ei revidering av policydokument innafor alle risikoområde, samt justert rapporteringa. Vidare har banken ein eigen controllerfunksjon som rapporterer direkte til administrerande banksjef. Controller utfører ei rekke uavhengige kontrollhandlingar i samarbeid med fagsjefane.

På same måte som dei siste åra er intern kontroll eit prioritert område integrert i den daglege drifta. Fagsjefane har eit kvalitetsansvar og står for oppfølging av kontrollverksemda. Rapportering skjer kvartalsvis til styret.

I tillegg er Ernst & Young engasjert i interne revisjonsprosjekt. Dette arbeidet er ein viktig del av banken sitt kvalitetssikringsarbeid.

Dei mest vesentlege risikoane er omtala nedanfor.

#### **Kredittrisiko**

Kredittrisiko er definert som faren for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne eller vilje til å oppfylle sine plikter overfor banken. Kredittrisiko er knytt til mogelege tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utstedarar. Kreditrisikoen er banken sitt mest vesentlege risikoområde. Banken har etablert standardiserte rutinar for kredittgjeving, etablert fullmaktsstruktur og innført risikoklassifisering av alle lån.

Kredittkvaliteten i konsernet må karakteriserast som god. Misleghald og utlånstap har vore aukande dei siste åra. Tapskostnaden har auka gjennom nedskrivningar for tap på identifiserte engasjement. I 2012 har ein del av desse engasjementa kome til eit punkt der dei blir tapsført. Tett oppfølging over lengre tid har ikkje ført fram. Difor er konstaterte tap på eit høgt nivå i 2012. Dette gjer at misleghaldet har gått noko ned samstundes som nedskrivningane knytt til desse engasjementa er tatt bort.

Banken legg vekt på kvalitet i kreditsakene, spesielt innafor bedriftsmarknaden. Kredittrisiko blir tillagt større vekt i prising av utlån og kredittar.

Utlånsveksten innfor bedriftsmarknaden har over fleire år vore beskjeden, men i 2012 ser det ut til at investeringsviljen er attende og kreditteterspørselet er aukande.

I personmarknadsporteføljen er kredittkvaliteten svært god og har ei stabil utvikling. Lågt rentenivå, låg arbeidsløyse og stigande bustadprisar påverkar porteføljen positivt. Marknaden for fritidsbustader har hatt ei anna utvikling dei siste åra. Dei dyre objekta har vist set vanskeleg omsetteleg, medan dei rimelegare objekta har vore nokså lett omsetteleg til stabile prisar. Banken har mykje av utlånsporteføljen sikra med pant i fast eigedom. Positiv prisutvikling på fast eigedom vil vere med på å redusere tapsrisikoen gjennom høgare sikkerheitsverdi. Det er venta ein lokal kredittevlekst i tida framover som er over den generelle kredittevleksten i Norge, spesielt innafor bedriftsmarknaden.


Styret vurderer samla kredittrisiko som tilfredsstillande.

#### **Likviditetsrisiko**

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å refinansiere si gjeld eller ikkje har evne til å finansiere ein auke i eigedelar utan vesentlege ekstrakostnader. Styringa av banken sin finansieringsstruktur tek utgangspunkt i ein overordna policy for likviditetsstyring som blir gjennomgått og vurdert av styret minimum årleg. Banken har ein langsiktig fundingstrategi og søker å redusere likviditetsrisikoen ved å ha eit balansert forhold mellom innskot, langsiktige og kortsiktige innlån, spreiing til ulike marknader og låneinstrument. I tillegg legg banken vekt på å ha ein spreidd forfallsstruktur som reduserer refinansieringsrisikoen mest mogeleg.

Konsernet sine utlån blir i hovudsak finansiert med kundeinnskot, verdipapirgjeld og sal av bustadlånsporteføljer til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Sjølvfinansieringsgraden er stigande over tid i takt med at fleire lån blir overført til boligkreditselskapet. Fusjonen med Øystre Slidre Sparebank har også vore med på å auke innskotdekninga. Banken hadde ei innskotsdekning på over 100 % på fusjonstidspunktet. Ved utgangen av året er innskotsdekninga på 76,2 %. Nye innlån i 2012 utgjer 275 mill. kroner der 250 mill. er refinansiering av forfalle innlån i året. Banken har ikkje hatt problem med å refinansiere lån i løpet av året sjølv om den internasjonale finansuroa har prega marknaden. Det har vore ei forsiktig betring i 2012 der kredittpåslaget på innlån er noko redusert.

Overføring av godt sikra bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS er med på å dempe finansieringsbehovet og dermed likviditetsrisikoen til banken. I løpet av året er overført volum auka frå 765,5 mill. til 1.200 mill. kroner og utgjer no 16,8 % av alle utlån.



Banken har alle innlån i den norske marknaden fordelt på 5 obligasjonslån og 2 banklån. Ved utgangen av året var unytta oppgjørskreditt på 40 mill. kroner. Det vil koma strengare likviditetskrav dei komande åra. Frå EU har det kome forslag om strengare regelverk som blir innfasa frå 2015. Det er venta at norske myndigheter vil presse på for å ei raskare implementering i Norge. Det er framleis uklart kva som blir resultatet, men heilt sikkert er det at krava til bankane sin likviditetsbuffer blir strengare og vil redusere framtidige inntekter på kapitalen.

### **Marknadsrisiko**

Marknadsrisiko, eller kurs- og renterisiko omfattar banken sin risiko knytt til posisjonar i valuta, aksje- og rentemarknaden. Banken har ingen valutarisiko utover det som er knytt til eigen valutabehaldning. Mesteparten av banken sine utlån og innskot har flytande rente, dvs. at renta blir regulert i takt med pengemarknadsrenta. Banken sin utlånsportefølje med fast rente var ved utgangen av året bokført til 310,8 mill. kroner. Av dette er 197,8 mill. kroner sikra med rentebytteavtalar (SWAP).

Banken har ved utgangen av året ei verdipapirportefølje på 322,9 mill. kroner i bokført verdi som blir forvalta av eksterne forvaltarar. Porteføljen inneholder 6,9 % aksjar notert på Oslo Børs, 6,2 % internasjonale aksjefond og 86,3 % norske og utanlandske obligasjoner. Denne porteføljen har gitt ei avkastning på 4,9 % i 2012. Ved utgangen av året er marknadsverdien på porteføljen 9,3 mill. kroner over kostpris og bokført verdi.

Banken sin renterisiko oppstår hovudsakleg i samband med fastrenteutlån, fastrenteinnskot og fastrenteinnlån. Banken har ei målsetting om å ha liten renterisiko og skal i prinsippet eliminere alle fastrentepositionar ved hjelp av rentebytteavtalar. Banken sin policy for styring av renterisiko set rammer for kor stor renterisiko banken kan ta. Renterisikoen for alle posisjonar kan uttrykkjast ved å sjå på kor følsam balansen er for renteendringar. Banken har fastsett rammer for renterisiko på kort og lang sikt, dvs. over og under eit år.

Samla risikoeksponering på området er låg.

### **Operasjonell risiko**

Operasjonell risiko er definert som risiko for feil og manglar som konsekvens av mangelfulle system, rutinar og kompetanse. Konkrete døme kan vere:

- Menneskeleg svikt og manglande kompetanse
- Svikt i IKT-system
- Uklar policy, strategi eller rutinar
- Kriminalitet og interne misleghald

Prosessene for styring av operasjonell risiko skal i størst mogeleg grad sikre at ingen enkelhendingar forårsaka av operasjonell risiko skal kunne skade konsernet si finansielle stilling i alvorleg grad.

Konsernet har stort fokus på kvalitet og kontinuerleg forbetring. I SpareBank 1 Hallingdal Valdres har ein over tid bygd opp eit system for sikring av kvaliteten med fagsjefar som har ansvar for kvalitet innafor kvart sitt fagområde. Det blir gjennomført kvartalsvise kontroll-handlingar på kvart fagområde som blir rapportert til administrerande banksjef. Controllerfunksjonen er også tidlegare nemnd. Denne blir også brukt i andre selskap i konsernet for å gjennomføre kvalitetskontrollar i desse verksemndene også.

I tillegg satsar SpareBank 1-alliansen og banken på kompetanseheving gjennom kontinuerleg tilbod om etterutdanning/vidareutdanning, sertifisering som SpareBank 1-rådgjevar og autorisasjon som finansiell rådgjevar (AFR).

Meir informasjon om banken sin risiko og styring av denne finn ein på banken sine heimesider [www.sb1.no](http://www.sb1.no) i Basel 2 – rapporten (sjå Om oss – Resultat – Anna finansiell informasjon).

### **Eigarrisiko**

Eigarrisiko er risikoen for at SpareBank 1 Hallingdal Valdres blir påført negative resultat frå eigarpostar i strategisk eigde selskap og/eller må tilføre ny eigenkapital til desse selskapene. Konsernet har i hovudsak eigarrisiko gjennom dei indirekte eigardelane i SpareBank 1 Gruppen AS, BN Bank ASA, og Bank 1 Oslo Akershus, og dei direkte

eigardelane i SpareBank 1 Boligkreditt AS og SpareBank 1 Næringskreditt AS. Alle desse eigardelane er små og under 2 % i alle selskap.

### Kapitalstyring

Styret har vedteke ei målsetting for konsernet om minimum 12 % kjernekapital og 14 % kapitaldekning. Kapitalstyring skal sikre at konsernet har ein ønska storleik på eigenkapitalen vurdert i høve til selskapets storleik, risiko og kapitalkrav. Den skal vidare sikre ein optimal og effektiv bruk av eigenkapitalen, sett i høve til konsernet sine verksamhetsområder, risikoprofil og ønska storleik på eigenkapital/ansvarlig kapital.

Det blir årleg utarbeidd ein kapitalplan for å sikre langsiktig kapitalstyring. Planen byggjer på framskrivingar som tek omsyn til både forventa utvikling dei neste åra, samt ein situasjon med eit alvorleg økonomisk tilbakeslag over fleire år (nedgangsscenario). I dette arbeidet blir stresstestar brukt for å analysere ein situasjon med alvorleg økonomisk tilbakeslag over fleire år. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg utarbeidd beredskapsplanar på likviditets- og kapitaldekningssområdet for i størst mogeleg grad å kunne handtere slike kriser om dei skulle oppstå.

Ved utgangen av 2012 hadde konsernet SpareBank 1 Hallingdal Valdres ein netto ansvarleg kapital på 840 mill. kroner. Banken brukar standardmetoden til å rekne ut kapitaldekninga. Ved utgangen av 2012 var den på 15,6 % mot 16,1 % året før. På morbanknivå var kapitaldekninga 16,7 % (16,9 %). Banken har ikkje tilleggskapital slik at banken si kapitaldekning er lik kjernekapitaldekninga.

Banken si kapitaldekning er i dag godt over både målsetting og regulatorisk krav. Auka regulatoriske krav vil ikkje krevje særskilde tiltak nærmeste åra, men bufferen mot kapitalmålet er minkande. Ein viktig årsak til reduksjonen i kapitaldekninga er overføringa av lån til boligkreditt då dette er lån som krev minst kapital. Lån som blir verande i banken sin balanse er lån med høgare kapitalkrav. Utviklinga vil etter kvart føre til behov for kapitaltilførsel som er ein prosess som vil ta litt tid og som krev førebuing. Det er difor viktig å ha dette forholdet under oppsikt.

Meir informasjon om banken si kapitaldekning og kapitalstyring finn ein på banken sine heimesider [www.sb1.no](http://www.sb1.no) i Basel 2-rapporten (sjå Om oss – Resultat – Anna finansiell informasjon).

### Organisasjon, personal og arbeidsmiljø

Ved utgangen av året hadde konsernet 177 heil- og deltidstilsette. Samla årsverk ved utgangen av året var på 156 (mot 95 i 2011).

Sjukefråveret i banken har normalt sett vore stabilt lågt og godt under gjennomsnittet i bransjen, men med unntak av 2011 kor det var noko meir langtidssjukdom. For 2012 har det samla sjukefråværet vore på 3,9 % av total arbeidstid (mot 5,6 % i 2011). Av dette var 3,0 % legemeldt (mot 4,8 % i 2011). Legemeldt langtidssjukdom utgjorde 2,3 %. Dotterselskapa rapporterer også om lågt sjukefråvære i året.

Legemeldt sjukefråvere	2012	2011
Morbank	3,0 %	4,8 %
HallingRegnskap AS	1,9 %	- %
Valdres Regnskap AS	2,6 %	- %
EiendomsMegler 1, Fjellmegleren AS	1,3 %	0,2 %

Banken har ikkje vore utsett for alvorlege ulykker eller ran i 2012.

Den årlege klimaundersøkinga er gjennomført i 2012, og er følgd opp på alle nivå i banken. Banken sitt HMS-system er vidareutvikla i 2012.

Styret vurderer banken sitt arbeidsmiljø som tilfredsstillande. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har eit eige Arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet sine medlemer og verneomboda er gitt nødvendig opplæring. Banken er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv), og har medlemsavtale med Hallingdal og Valdres Bedriftshelseteneste (HAVA BHT). Bedriftshelsetenesta har hjelpt banken med HMS-arbeidet, bl.a. gjennom deltaking på AMU-møter, gjennomføring av arbeidsplassvurderinger og ergonomiopplæring, og er disponibel i samband med oppfølging av sjukefråvere m.m.

SpareBank 1 Hallingdal Valdres har eit eige sikkerheitsutval, for å sikre nødvendig fokus og koordinering av sikkerheitsarbeidet i banken.

Morbanken held i 2012 fram med si satsing på kompetanseheving. Banken har dei siste åra vore sterkt delaktig i å få på plass eit utdanningsprogram innanfor alliansen, Læringshuset PM (privatmarknaden) og Læringshuset BM (bedriftsmarknaden). Implementeringa av Læringshuset PM er gjennomført og det er gjort eit stort kompetanseløft i banken på dette området dei siste åra. Ved utgangen av 2012 var 22 rådgjevarar sertifisert som SpareBank 1 Rådgjevar PM.

I 2008 vart det i bransjen godkjent ei ny autorisasjonsordning for finansielle rådgjevarar, som frå 2009 er inkludert i læringshuset PM. I løpet av 2011 nådde banken målsetjinga for dette kompetanseløftet, og per 31.12.2012 har banken heile 37 autoriserte finansielle rådgjevarar (AFR).

I 2009 vart bransjen og einige om eit felles krav om utdanning for skadeforsikringsrådgjevarar, Godkjenningsordning Skadeforsikring. Også denne ordninga er no inkludert i læringshuset PM. I løpet av 2011 nådde banken målsetjinga for dette kompetanseløftet, og per 31.12.2012 har banken heile 35 godkjente skadeforsikringsrådgjevarar. Implementeringa av autorisasjonsordninga for finansiell rådgjeving, samt godkjenningsordning skadeforsikring, har gitt banken eit kompetanseløft med større kunnskapsmessig profesjonalitet og dyktighet i rådgjevinga overfor kundane. Banken har evna å implementere alle desse kompetanseløfta på ein god måte. Kompetanseløftet vil halde fram i dei komande åra for nye rådgjevarar, samt for dei erfarte rådgjevarane i form av årlege krav om kompetanseoppdatering.

Læringshuset BM, som er eit kompetanseprogram for bedriftsrådgjevarane i alliansen, er under stadig vidareutvikling. Dette vil gje eit kontinuerleg kompetanseløft for bedriftsrådgjevarane dei komande åra. I tillegg har me også autorisasjonsordninga for finansielle rådgjevarar og godkjenningsordninga skadeforsikring som mange av våre bedriftsrådgjevarar også er omfatta av.

I løpet av 2012 har fleire tilsette delteke på vidareutdanningsprogram, i hovudsak innafor BI-systemet.

## Samfunnsansvar

### Mangfold og ikkje-diskriminering

I samsvar med krav i likestillingsslova skal det i årsmeldinga gjerast greie for situasjonen i konsernet når det gjeld likestilling.

Det er ikkje lønsforskjellar mellom kjønna i banken for medarbeidarar i same type stilling, men det kan vere stor lønsforskjell mellom stillingar ut frå stillingsinnhald og krav til kompetanse.

Arbeidstida er lik for begge kjønn, men kvinner ønskjer i større grad redusert arbeidstid enn menn. Banken har såleis ei overvekt av kvinner i deltidsstillingar.

Banken oppmuntrar og legg forholda til rette for kompetanseheving og rekruttering av kvinnelege tilsette i ledige leiarstillingar. Forholda blir lagt til rette blant anna gjennom fleksible arbeidstidsordningar, permisjonsordningar og utdanningsavtale. Store moglegheit for å ta del i og ansvar for prosjekt og fagleg utvikling må og sjåast som eit ledd i banken sitt likestillingsarbeid.

Fram til 2012 har finansbransjen hatt eit eige leiarprogram for kvinner, Futura-programmet. Banken har som målsetjing å tilby dei kvinnelege medarbeidarane mogelegheit til å søkje banken om få plass på Futura-programmet kvart tredje år. Seinast for studieåret 2011-2012 hadde banken ein deltakar med på dette programmet.

Banken har i 2012 utøvd sitt virke i samsvar med diskrimineringslova sin formålsparagraf om å fremme likestilling, sikre like høve og å hindre diskriminering som følgje av etnisitet, nasjonal opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Leiinga i banken er særleg merksam på dette i samband med rekruttering. I eksisterande tilsettingsforhold er merksemda retta mot løns- og arbeidsvilkår, samt høve til forfremming og personleg utvikling for medarbeidarane.

### Nokre fakta

Tilsette i konsernet per 31.12.12 fordelt seg med 66 % kvinner og 34 % menn. I morbanken var fordelinga 62 % kvinner og 38 % menn. På leiarnivå er kvinneandelen i konsernet 37 % og i morbanken 35 %. I styret er samansetninga 5 menn og 2 kvinner.

Kjønnsfordeling	Morbank	Konsern
Kvinner	62 %	66 %
Menn	38 %	34 %
Tilsette	95	177
Årsverk	87	156

Gjennomsnittsalderen for tilsette i datterselskapa er 44 år i HallingRegnskap AS, 47 år i Valdres Regnskap AS, 37 år i EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og i morbanken 47 år. Gjennomsnittsalderen for kvinnene i morbanken er 45 år, medan 49 år for menn. På leiarnivå er gjennomsnittsalderen 46 år for kvinnene og 48 år for menn.

Gjennomsnittsalderen i 2012	Morbank	Halling- Regnsk. AS	Valdres Regnsk. AS	EM 1 Fjellmegl. AS
Alle tilsette	47 år	44 år	47 år	37 år
Kvinner	45 år	44 år	46 år	38 år
Menn	49 år	45 år	49 år	37 år
Kvinnelege leiarar	46 år	50 år	46 år	-
Mannlege leiarar	48 år	37 år	42 år	36 år

I løpet av 2012 har banken fått 19 nye medarbeidarar i fast stilling eller lengre vikariat. Av desse er 14 frå Øystre Slidre Sparebank og ein person frå eit av bankens datterselskap.

«Turnover» har vore låg i 2012. Totalt 4 personar i fast stilling har sluttat. Av desse har 1 person gått over i ei stilling i eit av bankens datterselskap og 1 har sluttat som følgje av naturleg avgang. Reell «turnover» er dermed på 2 personar, som tilsvarar 2,25 % mot 2,5 % året før.

### Klimarekneskap

Etter styret si oppfatning forureinar verksemda det ytre miljøet i liten grad. Banken ønskjer å ha fokus på miljøet, men har ei desentralisert organisering som gjer at det blir ein del reiseverksemde mellom avdelingskontora. I tillegg blir det ein del reising i samband med møteverksemde innan alliansen. For å redusere reisebehovet har alle bankar i Sparebank 1-alliansen videokonferanseutstyr med ei konkret målsetting om å redusere reiseverksemda for å spare miljøet og effektivisere tidsbruken gjennom mindre reisetid. SpareBank 1 Hallingdal Valdres har i tillegg installert videokonferanseutstyr på alle kontor. Dette blir nytta til både interne og eksterne møte for å redusere reiseverksemda. I samband med fusjonen har det i 2012 vore noko meir reising enn tidlegare år noko som gjer at tenestekøyring i morbanken har hatt eit omfang på 248.000 km.

Konsernet skal heile tida ha fokus på å minimere den negative miljøpåverknaden gjennom reduksjon av energiforbruk og papir, betre avfallssortering, auka resirkulering og gjenbruk av elektronisk avfall.

## Banken sine datterselskap

Alle datterselskap er heileigde av morselskapet.

### EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS

EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS vart stifta i 2000. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte i 2007 85 % av aksjane i selskapet. Dei resterande 15 % vart kjøpt i 2011. I 2011 vart Eiendomsmegleren Ringerike Hadeland sine avdelingar på Gol og i Hemsedal fisjonert ut og fusjonert inn i selskapet. Banken kjøpte same året selskapet Hemsedal Eiendomsmegling AS i Hemsedal. Denne verksemda er også fusjonert inn i selskapet. Etter denne

fusjonen vart selskapsnamnet endra til EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Selskapet driv eigedomsmekling på Geilo, Ål, Gol og Hemsedal. Selskapet har 10 tilsette. Aktiviteten i marknaden har variert noko dei siste åra. Resultatet for 2012 viser eit overskot på kr 1.497.000. I 2011 var overskotet på kr 1.445.000.

#### **SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS**

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv med utleige og drift av fast eigedom og driftslausøyre. Selskapet vart stifta i mai 2005. I 2011 vart selskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS og SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS fusjonert inn i selskapet SpareBank 1 Gol Eigedom som samstundes skifta namn til SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS. Selskapet leiger ut lokale og driftslausøyre til banken på Gol, Ål og i Hemsedal. I tillegg leiger selskapet ut lokale til datterselskapa EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS og HallingRegnskap AS samt enkelte andre eksterne leigetakrar i Hemsedal og på Ål. Resultatet etter skatt i 2012 vart eit overskot på kr 532.000. I 2011 var overskotet på kr 871.000.

#### **SpareBank 1 Hallingdal Invest AS**

SpareBank 1 Hallingdal Invest AS har som føremål å investere i verksemder. Selskapet vart stifta i 1982 som eit eigedomsselskap, men endra namn og føremål i 2006. Selskapet har ingen fast tilsette. I 2009 kjøpte selskapet eit tomteområde på Flå der målet er å utvikle det for sal til utbyggjarar. I løpet av 2012 er utbygginga kome i gang dei første husa er ferdigstilt. Resultatet etter skatt i SpareBank 1 Hallingdal Invest AS i 2012 vart eit underskot på kr 541.000 mot eit underskot på kr 183.000 i 2011.

#### **HallingRegnskap AS**

HallingRegnskap AS vart stifta i 1998. SpareBank 1 Hallingdal kjøpt alle aksjane i selskapet i mai 2012. Selskapet hadde på kjøpstidspunktet 28 tilsette. I løpet av året er banken sitt datterselskap Hemsedal Regnskap AS fusjonert inn i selskapet. Ved utgangen av året har selskapet 40 tilsette ved avdelingane på Flå, Nes, Gol og Hemsedal. Resultatet etter skatt vart eit underskot på kr 272.000.

#### **Valdres Regnskap AS**

Valdres Regnskap AS vart stifta i 1992. SpareBank 1 Hallingdal kjøpte alle aksjane i selskapet i januar 2012. Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2012 har vore 24,5. Resultat etter skatt i 2012 vart eit overskot på kr 506.000.

#### **Fortsatt drift**

I samsvar med lov om årsrekneskap m.v. § 3-3a, stadfestar styret at føresetnadane for fortsett drift er til stades, og årsrekneskapen er sett opp etter denne føresetnaden.

#### **Framtidsutsikter**

Banken har i 2012 merka ein aukande etterspørsel etter lån, spesielt frå bedriftsmarknaden. Det er venta at etterspørsele vil auke vidare i 2013. Marknaden gir no rom for å prise risiko meir korrekt noko som bør kunne gje mogelegeheter for ein betring i rentemarginen.

2012 vart eit år som var prega av fusjonsprosess både i kostnader og tidsbruk. I 2013 kan fokuset stillast endå betre inn på kundearbeidet med ein større og sterke organisasjon i ryggen. Dette bør føre til ein betydeleg nedgang i kostnadene og dermed eit resultat på eit meir normalt nivå.

Det er i løpet av 2012 rydda i ein del misleghalde tap gjennom konstateringar. Dette gjer sitt til at ein ventar å sjå eit lågare nivå på misleghalde lån det komande året.

For eigedomsmeclarverksemda er det grunn til å forvente ein forsiktig vekst i talet på einingar som blir omsett. Prisforventningane mellom kjøpar og seljar er no betre avstemt og det gir forventningar om ein auke i fritidsmarknaden.

Innafor rekneskapsområdet har 2 verksemder vore litt merka av fusjon i 2012. Her er det grunn til å vente ei resultatbetring ettersom fusjonen bør gje ei resultatbetring gjennom betre kostnadskontroll.

Kjøp av selskap er ein del av ein langsiglig strategi med satsing på utvalde verksemder. På grunn av høge goodwillavskrivinger dei komande åra vil det ta noko tid før konsernet får eit betydeleg resultatbidrag frå desse verksemndene.

Styret ønskjer å takke banken sine tilsette for innsatsen gjennom 2012. Solid innsats i alle ledd i organisasjonen har gitt banken eit godt utgangspunkt for 2013. Styret vil også takke kundar, tillitsvalde og andre forbindelsar som er viktige for banken si verksemd og framleis sterke posisjon i marknaden.

Ein syner elles til rekneskapen med noter.

Hallingdal, 31. desember 2012 / 11. februar 2013

Kjell Vidar Bergo (sign.) Åge Sandseggen (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)  
styreformann nestformann

Odd Holde (sign.) Tore Østlund (sign.) Kristin Ourom (sign.)

Vidar Isungset (sign.) Knut Oscar Fleten (sign.)  
adm. banksjef

## 6. Resultatrekneskap

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

	Note	2012 Morbank	2012 Konsern	2011 Morbank	2011 Konsern
<b>Renteinntekter og liknande inntekter</b>					
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kred.inst.		3 447	3 489	4 879	5 021
Renter og liknande innt. av utlån til og fordr. på kundar		239 252	236 456	226 667	223 643
Renter og likn. innt. av sertifi., obl. og and. renteb. v.pap.	1	8 663	8 663	8 987	8 987
Andre renteinntekter og liknande inntekter		879	900	278	282
<b>Sum renteinntekter og liknande inntekter</b>		<b>252 241</b>	<b>249 508</b>	<b>240 811</b>	<b>237 933</b>
<b>Rentekostnader og liknande kostnader</b>					
Renter og liknande kostn. på gjeld til kred.institusjonar		7 369	7 507	9 370	9 406
Renter og liknande kostn. på innsk. frå og gjeld til kundar		96 388	95 860	86 480	86 387
Renter og liknande kostn. på utsatte verdipapir		35 704	35 704	39 244	39 244
Andre rentekostnader og liknande kostnader		2 421	2 426	1 269	1 271
<b>Sum rentekostnader og liknande kostnader</b>		<b>141 882</b>	<b>141 497</b>	<b>136 363</b>	<b>136 308</b>
<b>NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER</b>		<b>110 359</b>	<b>108 011</b>	<b>104 448</b>	<b>101 625</b>
<b>Utbytte og andre innt. av v.pap. med var. avkastning</b>					
Inntekter av aksjar, andelar og andre verdipapir med var. avkast.	2	2 373	2 406	1 881	1 881
Inntekter av eigarinteresser i tilknytta selskap	2	9 782	9 771	7 667	21 330
Inntekter av eigarinteresser i konsernselskap	2	-4 469	-	750	-
<b>Sum utbytte og andre inntekter av v.pap.med var. avkastning</b>		<b>7 686</b>	<b>12 177</b>	<b>10 298</b>	<b>23 211</b>
<b>Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>					
Garantiprovisjon	5	1 785	1 785	1 086	1 086
Andre gebyr og provisjonsinntekter	6	43 835	43 835	36 603	36 603
<b>Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester</b>		<b>45 620</b>	<b>45 620</b>	<b>37 689</b>	<b>37 689</b>
<b>Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester</b>					
Andre gebyr og provisjonskostnader		<b>2 014</b>	<b>2 014</b>	<b>2 765</b>	<b>2 765</b>
<b>Netto verdiindr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>					
Nto verdiindr., gev./-tap på sertifikat, obl.og andre renteb. v.pap.		2 164	2 164	-1 465	-1 465
Nto verdiindr., gev./-tap på aksjar og and. v.pap. med var.avkastn.		2 263	1 966	1 147	1 147
Nto verdiindr., gev./-tap på valuta og finansielle derivater	12	948	948	948	948
<b>Sum nto verdiindr, gev./-tap på val. og v.papir som er oml.m.</b>		<b>5 375</b>	<b>5 078</b>	<b>630</b>	<b>630</b>
<b>Andre driftsinntekter</b>					
Driftsinntekter faste eigedomar	4	117	338	189	194
Andre driftsinntekter		3 834	57 458	594	28 709
<b>Sum andre driftsinntekter</b>		<b>3 951</b>	<b>57 796</b>	<b>783</b>	<b>28 903</b>
<b>SUM ANDRE INNTEKTER</b>		<b>60 618</b>	<b>118 657</b>	<b>46 635</b>	<b>87 668</b>
<b>SUM NETTO DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>170 977</b>	<b>226 668</b>	<b>151 083</b>	<b>189 293</b>

	Note	2012 Morbank	2012 Konsern	2011 Morbank	2011 Konsern
<b>Løn og generelle administrasjonskostnader</b>					
Løn	8a	41 377	74 967	35 401	49 869
Pensjonar	9	3 311	5 045	2 692	3 013
Sosiale kostnader		9 149	13 810	7 065	9 402
Administrasjonskostnader		32 266	31 811	27 343	27 346
<b>Sum løn og generelle administrasjonskostnader</b>		<b>86 103</b>	<b>125 633</b>	<b>72 501</b>	<b>89 630</b>
<b>Avskrivinger m.v. av varige dr.middel og immatr. eged.</b>					
Ordinære avskrivinger	4	2 319	12 596	1 925	7 116
<b>Andre driftskostnader</b>					
Driftskostnader faste eigedomar		170	1 122	81	1 073
Andre driftskostnader	7	38 039	42 654	18 567	18 431
<b>Sum andre driftskostnader</b>		<b>38 209</b>	<b>43 776</b>	<b>18 648</b>	<b>19 504</b>
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>126 631</b>	<b>182 005</b>	<b>93 074</b>	<b>116 250</b>
<b>DRIFTSRESULTAT FØR TAP</b>		<b>44 346</b>	<b>44 663</b>	<b>58 009</b>	<b>73 043</b>
<b>Tap på utlån og garantiar</b>					
Tap på utlån	3	16 002	16 002	11 090	11 090
<b>Sum tap på utlån, garantiar m.v.</b>		<b>16 002</b>	<b>16 002</b>	<b>11 090</b>	<b>11 090</b>
<b>Nedskriving/reversering av nedskriving og gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar</b>					
Gevinst/tap		-	-	-614	-614
<b>Sum nedsk/rev av nedsk og gev/tap på vp som er anl.m.</b>		<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-614</b>	<b>-614</b>
<b>RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>28 344</b>	<b>28 661</b>	<b>46 305</b>	<b>61 339</b>
Skatt på ordinært resultat	14	5 350	5 484	14 227	15 346
<b>RESULTAT FOR REKNESKAPSÅRET</b>		<b>22 994</b>	<b>23 177</b>	<b>32 078</b>	<b>45 993</b>
<b>Overføringer og disponeringar:</b>					
<b>Overføringer</b>					
Overført fra sparebanken sitt fond		8 062		-	
Overført fra gåvefond		-1 807		-9 420	
<b>Sum overføringer</b>		<b>6 255</b>		<b>-9 420</b>	
<b>Disponeringar</b>					
Utbytte på aksjar/grunnfondsbevis		9 185		-	
Overført til sparebanken sitt fond		-		28 578	
Overført til gåvefond og/eller gaver		1 807		12 920	
Overført til utjammningsfond		3 678		-	
Overført til anna eigeinkapital		2 069		-	
<b>Sum disponeringar</b>		<b>16 739</b>		<b>41 498</b>	
<b>SUM OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR</b>	15	<b>22 994</b>		<b>32 078</b>	

## 7. Balanse per 31. desember 2012

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

EIGEDELAR	Note	2012 Morbank	2012 Konsern	2011 Morbank	2011 Konsern
<b>Kontantar og fordringar på sentralbankar</b>		<b>73 396</b>	<b>73 398</b>	<b>74 060</b>	<b>74 060</b>
<b>Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar</b>		<b>42 410</b>	<b>43 385</b>	<b>165 628</b>	<b>166 366</b>
<b>Utlån til og fordringar på kundar</b>					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		1 396 229	1 396 229	1 442 104	1 438 360
Byggjelån		207 948	207 948	144 565	144 565
Nedbetalingslån		4 325 415	4 236 747	3 521 887	3 446 931
<b>Sum utlån før nedskrivning</b>		<b>5 929 592</b>	<b>5 840 924</b>	<b>5 108 556</b>	<b>5 029 856</b>
- Individuelle nedskrivningar	3	13 803	13 803	27 553	27 553
- Gruppevise nedskrivningar	3	22 500	22 500	22 900	22 900
<b>Sum netto utlån og fordringar på kundar</b>		<b>5 893 289</b>	<b>5 804 621</b>	<b>5 058 103</b>	<b>4 979 403</b>
<b>Overtekne eigedelar</b>		<b>2 482</b>	<b>2 482</b>	–	–
<b>Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. verdipapir m/fast avkastning</b>					
Utstedt av det offentlege – Sertifikat og obligasjonar		57 132	57 132	–	–
Utstedt av andre – Sertifikat og obligasjonar		263 724	263 724	282 038	282 038
<b>Sum sertifikat, obl. og andre rentebærande verdipapir</b>	1	<b>320 856</b>	<b>320 856</b>	<b>282 038</b>	<b>282 038</b>
<b>Aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>					
Aksjar, andelar og grunnfondsbevis	2	147 535	148 029	94 675	95 654
Andelar i ansvarlege selskap, kommandittselskap m.v.	2	1 045	1 045	1 012	1 012
<b>Sum aksjar og andre verdipapir m/var. avkastning</b>		<b>148 580</b>	<b>149 074</b>	<b>95 687</b>	<b>96 666</b>
<b>Eigarinteresser i tilknytta selskap</b>	2	<b>101 266</b>	<b>162 421</b>	<b>91 635</b>	<b>152 491</b>
<b>Eigarinteresser i konsernselskap</b>	2	<b>54 423</b>	–	<b>34 892</b>	–
<b>Immaterielle eigedelar</b>					
Goodwill	4	–	29 859	–	12 749
Utsett skattefordel	14	3 156	5 241	1 649	3 586
<b>Sum immaterielle eigedeler</b>		<b>3 156</b>	<b>35 100</b>	<b>1 649</b>	<b>16 335</b>
<b>Vareige driftsmiddele</b>					
Maskinar, inventar og transportmidlar		7 411	10 258	4 369	7 801
Bygningar og andre faste eigedomar		9 809	91 337	3 271	83 836
Andre varige driftsmidlar		6 915	7 361	2 986	2 986
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	4	<b>24 135</b>	<b>108 956</b>	<b>10 626</b>	<b>94 623</b>
<b>Andre eigedelar</b>					
Andre eigedelar		11 472	27 612	10 674	19 636
<b>Sum andre eigedelar</b>		<b>11 472</b>	<b>27 612</b>	<b>10 674</b>	<b>19 636</b>
<b>Forskotsbetalingar og opprente ikkje mottekne inntekter</b>					
Opprente ikkje mottekne inntekter		25 244	41 981	17 422	29 169
Overfinansiering av pensjonsforpliktingar	9	5 752	6 281	6 883	7 219
Andre forskotsbetalte ikkje påløpte kostnader		4 245	5 824	2 611	3 049
<b>Sum forskotsbetalingar og opprente ikkje mottekne inntekter</b>		<b>35 241</b>	<b>54 086</b>	<b>26 916</b>	<b>39 437</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	10, 11	<b>6 710 706</b>	<b>6 781 991</b>	<b>5 851 908</b>	<b>5 921 055</b>

<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>Note</b>	<b>2012 Morbank</b>	<b>2012 Konsern</b>	<b>2011 Morbank</b>	<b>2011 Konsern</b>
<b>GJELD</b>					
<b>Gjeld til kredittinstitusjonar</b>					
Lån og inns. frå kred.inst. utan avtalt løpetid eller opps.frist		–	278	–	7
Lån og inns. frå kred.inst. med avtalt løpetid eller opps.frist		250 000	250 867	250 000	250 000
<b>Sum gjeld til kredittinstitusjonar</b>	<b>10, 11</b>	<b>250 000</b>	<b>251 145</b>	<b>250 000</b>	<b>250 007</b>
<b>Innskot frå og gjeld til kundar</b>					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		4 001 611	3 991 252	3 438 982	3 435 914
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		517 542	517 542	279 788	279 788
<b>Sum innskot frå og gjeld til kundar</b>	<b>10, 11</b>	<b>4 519 153</b>	<b>4 508 794</b>	<b>3 718 770</b>	<b>3 715 702</b>
<b>Gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>					
Obligasjonsgjeld	13	967 527	967 527	1 049 002	1 049 002
- Eigne ikkje - amortiserte obligasjoner		–	–	–	–
<b>Sum gjeld stifta v/utsteding av verdipapir</b>	<b>10, 11</b>	<b>967 527</b>	<b>967 527</b>	<b>1 049 002</b>	<b>1 049 002</b>
<b>Anna gjeld</b>					
Finansielle derivater	12	–	–	–	–
Anna gjeld		32 392	38 693	25 998	29 776
<b>Sum anna gjeld</b>		<b>32 392</b>	<b>38 693</b>	<b>25 998</b>	<b>29 776</b>
<b>Påløpte kostnader og forskotsbetalte inntekter</b>		<b>15 328</b>	<b>27 104</b>	<b>10 956</b>	<b>17 553</b>
<b>Avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar</b>					
Pensjonsforpliktingar	9	12 460	14 591	11 276	11 316
Andre avsetningar påløpte kostnader / forpliktingar		1 931	3 813	–	–
Utsett skatt		–	–	–	3 782
<b>Sum avsetningar for påløpte kostnader og forpliktingar</b>		<b>14 391</b>	<b>18 404</b>	<b>11 276</b>	<b>15 098</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>5 798 791</b>	<b>5 811 667</b>	<b>5 066 002</b>	<b>5 077 138</b>
<b>Minoritetsinteresser</b>					
<b>EIGENKAPITAL:</b>					
Aksjekapital / grunnfondsbeviskapital					
Eigenkapitalbevis		805 700	805 700	–	–
Grunnfondskapital		75 000	75 000	–	–
Andel resultat grunnfondskapital		2 069	2 069	–	–
Overkursfond		11 581	11 581	–	–
<b>Sum innskote kapital</b>		<b>894 350</b>	<b>894 350</b>	<b>–</b>	<b>–</b>
Bundne fond					
Fond for vurderingsulikheiter		–	58 409	–	60 856
Sparebanken sitt fond		–	–	771 357	771 357
Frie fond / udisponert overskot					
Anna eigenkapital					
Gåvefond		12 742	12 742	14 549	14 549
Utljamningsfond		3 678	3 678	–	–
Kompensasjonsfond		1 145	1 145	–	-2 845
<b>Sum bundne fond / frie fond</b>	<b>15</b>	<b>17 565</b>	<b>75 974</b>	<b>785 906</b>	<b>843 917</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>		<b>911 915</b>	<b>970 324</b>	<b>785 906</b>	<b>843 917</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>10, 11</b>	<b>6 710 706</b>	<b>6 781 991</b>	<b>5 851 908</b>	<b>5 921 055</b>
<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>					
<b>Betinga forpliktingar</b>					
Garantiar	5	659 867	659 867	648 864	648 864

Hallingdal, 31. desember 2012 / 11. februar 2013

Kjell Vidar Bergo (sign.) Åge Sandsgen (sign.) Sissel Bjørøen (sign.)  
styreformann nestformann

Odd Holde (sign.) Tore Østlund (sign.) Vidar Isungset (sign.) Kristin Ourom (sign.)

## 8. Endring i eigenkapital

Morbank:	Sparebankens fond	Grunnfond	Kompensa-sjonsfond	Gåvefond	Eierandels-kapital	Overkurs-fond	Utjam-ningsfond	Sum
Eigenkapital 01.01.2012	771 358			14 549				785 907
Endring gâver				-1 807				-1 807
Omdanning	-779 420	66 375			713 045			0
Fusjon Øystre Slidre		8 625	1 145		92 655	11 582		114 007
Årets resultat	8 062	2 038	31				12 863	22 994
Utbytte							-9 185	-9 185
<b>Eigenkapital 31.12.2012</b>	<b>0</b>	<b>77 038</b>	<b>1 176</b>	<b>12 742</b>	<b>805 700</b>	<b>11 582</b>	<b>3 678</b>	<b>911 916</b>
Eigenkapital 01.01.2011	747 255			21 469				768 724
Korreksjon inngående balanse:	-4 475							-4 475
Disponert av gåvefond				-9 420				-9 420
Årets overskot	32 078							32 078
Avsett til Sparebankstiftelsen	-1 000							-1 000
Avsett til gåvefond / gâver	-2 500			2 500				0
<b>Eigenkapital 31.12.2011</b>	<b>771 358</b>			<b>14 549</b>				<b>785 907</b>
<b>Konsern:</b>							<b>Sum 2012</b>	<b>Sum 2011</b>
Eigenkapital 01.01.							843 917	820 425
Korreksjon inngående balanse:							-56	-4 475
Verdiendring innarbeiding av felleskontrollert verksemd							272	-5 440
Disponert av gåvefond							-1 808	-9 420
Fusjon med Øystre Slidre Sparebank							114 007	
Avsett til Sparebankstiftelsen							0	-1 000
Utbytte							-9 185	
Årets overskot etter minoritetens andel							23 177	45 993
Fusjonstap som følge av kontinuitetsmetoden i underliggende selskap							0	-2 166
<b>Eigenkapital 31.12</b>							<b>970 324</b>	<b>843 917</b>
<b>Fordeling av eigenkapitalbevis</b>								
Sparebankstiftelsen Hallingdal		7.130.445 bevis			88,50 %			
Sparebankstiftelsen Øystre Slidre		926.555 bevis			11,50 %			

## 9. Kontantstraumoppstilling

	Morbank 2012	Konsern 2012	Morbank 2011	Konsern 2011
<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>				
Renteinnbetalingar, provisjonsinnbetalingar og gebyr frå kundar	276 925	274 129	264 356	261 332
Renteutbetalingar, provisjonsutbetalingar og gebyr til kundar	-94 539	-94 011	-86 480	-86 387
Utbetalingar av renter på andre lån	-44 443	-44 586	-48 826	-48 864
Innbetalingar av renter på andre lån	13 115	13 177	15 966	16 112
Innbetalingar av utbytte	12 155	36 177	1 739	25 090
Innbetalingar frå andre driftsinntekter	3 951	57 796	783	28 903
Utbetalingar til andre leverandørar for varer og tenester	-74 582	-89 361	-59 513	-67 472
Utbetalingar til tilsette, pensjonsrapportering, arb.givaravg., skattetrekk m.v.	-47 374	-82 967	-44 773	-60 526
Utbetalingar av skattar og offentlege avgifter	-12 540	-13 156	-17 284	-18 174
Netto resultat ved handel med verdipapir for kortsiktige formål	-46 173	-46 034	-2 200	-2 194
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-13 505</b>	<b>11 164</b>	<b>23 768</b>	<b>47 820</b>
<b>Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar</b>				
Innbetalingar på tidlegare avskrivne fordringar	3 564	3 564	1 704	1 704
Netto auke utlån til kundar	-857 234	-847 266	-164 938	-165 894
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og delar i andre føretak	-49 794	-50 093	-10 839	-24 516
Innbetalingar ved handel aksjar	-	-	5 673	5 673
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i konsernselskap	-24 000	-24 000	-9 687	-11 853
Innbetalingar ved sal av driftsmidlar mv.	-9	-9	11	481
Utbetalingar ved kjøp av driftsmidlar mv.	-15 819	-44 030	-1 239	-8 129
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-943 292</b>	<b>-961 834</b>	<b>-179 315</b>	<b>-202 534</b>
<b>Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>				
Netto auke innskot frå kundar	800 383	793 092	180 659	181 461
Netto endring innskot frå Norges Bank og andre finansinstitusjonar	-	1 138	-42 000	-42 591
Netto betaling ved endring av obligasjonsgjeld	-81 475	-81 475	-74 236	-74 236
Endring minoritetsinteresser ved kjøp	114 007	114 007	-	-352
<b>Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>832 915</b>	<b>826 762</b>	<b>64 423</b>	<b>64 282</b>
<b>Netto kontantstraum for perioden</b>	<b>-123 882</b>	<b>-123 908</b>	<b>-91 124</b>	<b>-90 432</b>
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-123 882	-123 908	-91 124	-90 432
Behaldning kontantar og kontantekvivalentar ved periodens start	239 688	240 426	330 812	330 858
<b>Behaldning kontantar og kontantekvivalentar ved periodens slutt</b>	<b>115 806</b>	<b>116 518</b>	<b>239 688</b>	<b>240 426</b>
<b>Avstemming</b>				
Resultat før skattekostnad	28 345	28 661	46 305	61 339
Betalt skatt i perioden	-12 585	-12 836	-17 284	-18 192
Gåver	-1 807	-1 807	-10 420	-10 420
Ordinære avskrivningar	2 319	12 596	1 925	7 116
Andre ikkje-kontantpostar	20 471	40 002	7 375	17 813
Netto betaling ved handel med verdipapir for kortsiktige formål	-51 548	-51 112	1 206	1 211
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbetalingar i pensjonsordningar	4 246	4 213	4 424	4 260
Poster i klassifisert som investerings- eller finansieringsaktivitet	-	-	-11 230	-11 230-
Endring i andre tidsavgrensningsposter	-2 946	-8 553	1 467	-4 077
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-13 505</b>	<b>11 164</b>	<b>23 768</b>	<b>47 820</b>
<b>Kontantar og kontantekvivalenter er definert som:</b>				
- Kontantar og fordringar på sentralbankar	73 396	73 398	74 060	74 060
- Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar utan avtalt løpetid	42 409	43 120	165 628	166 366
<b>Sum</b>	<b>115 805</b>	<b>116 518</b>	<b>239 688</b>	<b>240 426</b>

# 10. Noter til konsernrekneskaperen 2012

Tal i tabellar er i heile 1000 kroner

## INNHOLD

- Generelle rekneskapsprinsipp
- 1. Obligasjonar og andre renteberande verdipapir
  - Ansvarte lån
- 2. Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis
  - Felles kontrollert verksemd
  - Datterselskap
- 3. a. Risikoklassifisering av utlånsporteføljen
  - b. Tap på utlån
  - c. Utlån fordelt etter næring og geografi
  - d. Aldersfordeling på forfalle,  
men ikkje nedskrivne utlån
  - e. Verkeleg verdi utlån
  - f. Boligkredit
  - g. Overtatte eigedelar
- 4. Varige driftsmidlar – avskrivningar
- 5. Garantiansvar

- 6. Provisionar og gebyr
- 7. Andre driftskostnader
- 8. a. Tillitsvalde og tilsette
  - b. Ekstern revisjon
- 9. Pensjonsforpliktingar
- 10. Finansiell risikocommentar
  - Renteendringstidspunkt på egedelspostar og gjeld/eigenkapital
- 11. Likviditetsrisiko
  - Restløpetid på egedelspostar og gjeld/eigenkapital
- 12. Finansielle derivat
- 13. Gjeld
- 14. a. Utrekning av betalbare skattar
  - b. Utsett skatt
- 15. Kapitaldekning

## Generelle rekneskapsprinsipp

### GENERELT

Banken sitt årsrekneskap for 2012 er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova frå 1998, forskrift om årsregnskap for banker samt god rekneskapsskikk. Under nokre av notane er det teke inn ytterlegare forklaringar og vist til postar i resultatrekneskap og balanse. Alle beløp i resultatregnskap, balanse og notar er i heile tusen kroner dersom ikkje anna er oppgitt. Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med reglane i NGAAP (Norwegian Generally Accepted Accounting Principles).

### Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsettinga av eigedelar og gjeld, samt usikra eigedelar og forpliktingar på balansedagen i utarbeidingsa av rekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

### Periodisering av renter, provisionar og gebyr

Renter, provisionar og gebyr ført i resultatrekneskapen etter kvart som desse blir opptent som inntekter eller kjem på som kostnader. Berekingar viser at etableringsgebyr på utlån ikkje overstig kostnadene ved etablering av det einskilde utlån. Etableringsgebyret blir difor ikkje periodisert over lånet si løpetid.

### Inntektsføring/kostnadsføring

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året blir periodisert og ført som gjeld i balansen. Opprente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året blir inntektsført og ført som eigedel i balansen. På engasjement der det blir gjort nedskrivningar for tap, blir renteinntekter resultatført ved bruk av effektiv rentemetode. Aksjeutbytte blir inntektsført i det året det blir utbetalt. Realisert kursgevinst/-tap resultatførast i gjennomsnittleg kost-prinsippet. Kjøp og sal av verdipapir blir bokført på oppgjerstidspunktet.

## UTLÅN – FORKLARINGAR OG DEFINISJONAR

### Vurdering av utlån

Banken sine utlån blir i utgangspunktet vurdert til pålydande med unntak av tapsutsette og misleghalde lån.

Eit engasjement blir definert som garantiar, kausjonsansvar, innvilga rammekredittar og nedbetalingsslån inkludert opptente, men ikkje betalte renter, gebyr og provisionar. Banken sine utlån er vurdert til verkeleg verdi på utbetalingstidspunktet. I etterfølgjande periodar blir utlån vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Amortisert kost er anskaffelseskost med frådrag for betalat avdrag på hovudstol samt eventuelle nedskrivningar for verdifall. Gebyr ved etablering av lån overstig ikkje kostnadene og blir inntektsført ved diskontering.

Utlån med flytande rente vil ha ein bokført verdi som vil tilsvare verkeleg verdi. For banken sine utlån der det er avtala fastrente, vil verkeleg verdi kunne avvike vesentleg frå bokført verdi. Verkeleg verdi på fastrenteutlån er rekna ut som differansen mellom neddiskontert framtidig kontantstraum frå renteinnbetalingar og neddiskontert framtidig kontantstraum basert på marknadsrente for restbindingstid ved utgangen av året.

Bustadlån overført til SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkredit) er ikkje balanseført. Risikoen er vurdert å vere overført til boligkredit, også for overførte lån som tidlegare har vore i banken sin balanse, og er difor frårekna. Alle lån i SpareBank 1 Boligkreditt AS ligg innafor 75 % av forsvarleg verdigrunnslag og er godt sikra bustadlån. Restrisiko knytt til overførte lån er etter banken si vurdering avgrensa.

### **Behandling av engasjement som ikkje er misleghalde**

Banken gjennomfører kvartalsvis vurdering av utlåns- og garantiporteføljen for både nærings- og personkundar. Engasjement som har migrert til ei låg risikoklasse eller engasjement med middels risikoklasse og med ein usikra risiko ved misleghald på over 1 mill. blir vurdert særskild av banken si spesialoppfølgingsgruppe. For engasjementa er det verdien av banken sin sikkerheit, låntakar si betalingsevne osv. som blir vurdert. Dersom gjennomgangen viser at tap kan pårekna, blir tapet bokført i banken sin rekneskap som individuell nedskriving.

### **Behandling av misleghalde engasjement**

Eit lån blir sett på som misleghalde når låntakar ikkje har betalt forfalle terminar innan 90 dagar etter terminforfall, eller når rammekredittar ikkje er dekkja inn som avtalt. Ved misleghald blir kunden sitt samla engasjement vurdert. Låntakar si tilbakebetalingsevne og sikkerheiter avgjer om eit tap må pårekna. Sikkerheita blir vurdert til antatt lågast realisasjonsverdi på berekningstidspunktet, med frådrag for salskostnader. Dersom det ligg føre objektive bevis på verdifall på banken sine fordringar, blir dette ført som individuelle nedskrivingar.

### **Behandling av konstaterete tap**

Ved misleghald over 90 dagar, konkurs, avvikling eller akkord, blir engasjement vurdert med omsyn til sikkerheit og betalingsevne for å få oversikt over banken sin risiko for tap. Ved objektive bevis på verdifall på engasjementet, blir engasjementet normalt først håndsama som individuell nedskriving. Engasjementet blir rekna som endeleg tapt når konkurs eller akkord er stadfesta, tvangspant ikkje har ført fram eller som følgje av rettskraftig dom eller inngått avtale. Berekna verdifall på engasjementet blir då ført som konstatert tap, eventuelle individuelle nedskrivingar blir ført til inntekt. Endelig konstaterete tap blir fjerna frå banken si låneportefølje og frå individuelle nedskrivingar månaden etter at alle sikkerheiter er realisert og det er konstatert at kunden ikkje er søkjegod.

### **Reversering av tidlegare tapsnedskrive engasjement**

Reversering av tidlegare tapsnedskrive engasjement skal skje i den utstrekning tapet er redusert og objektivt kan knytast til ei hending etter nedskrivingstidspunktet.

### **Behandling av individuelle nedskrivingar på utlån**

Individuelle nedskrivingar er avsetning til dekning av forventa tap på engasjement som er identifisert som tapsutsette på balansedagen. For at engasjementet skal klassifiserast som tapsutsett, må det ligge føre objektive bevis for at det har eit verdifall. Vurdering av om det ligg føre objektive bevis for verdifall skal gjerast på alle utlån som blir sett på som vesentlege. Nedskrivinga vil vere forskjellen mellom balanseført verdi og noverdi av framtidig kontantstraum i engasjementet. Utlån som er vurdert individuelt for nedskriving og der nedskriving er gjennomført skal ikkje vere med i gruppevurderinga av utlån. Banken fordeler sine utlån på PM – lån til personmarknaden og BM – lån til bedriftsmarknaden.

### **Behandling av nedskrivingar på grupper av utlån**

Nedskriving på grupper av utlån vil seie nedskriving utan at dei enkelte tapsengasjement er identifisert. Låna blir håndsama i grupper etter risikoklassifisering der erfaringstal på forventa tap i gruppa er sentral i vurderingane. Nedskrivinga er basert på objektive bevis for verdifall i banken si låneportefølje ut frå banken si vurdering av risiko for manglande betalingsevne med grunnlag i berekningar med basis i erfaringstal, konjunkturerendringar, bransjeanalysar og andre tilhøve. Andre forhold kan vere verdifall på fast eigedom ved auka marknadsrenter, svikt i betalingsevne ved markert renteoppgang eller nedbemannning på større arbeidsplassar.

### **Tapsutsette engasjement**

Grunnlag for vurdering av tap på ikkje-misleghalde engasjement er svak eller negativ eigenkapital og betalingsvanskar der kunden sin økonomiske situasjon medfører ein auka risiko for at tap vil kunne koma på eit seinare tidspunkt.

### **Rapportering av misleghalde låneengasjement**

Rapportering av misleghalde lån skal i følgje myndighetskrav rapporterast slik: Om kunden har eit eller fleire misleghalde lån eller overtrekk på innskotskonto, blir heile låneengasjementet til kunden rapportert.

## **FINANSIELLE INSTRUMENTER**

### **Verdipapir**

Banken si behaldning av verdipapir blir spesifisert og verdivurdert ved slutten av kvar månad. Omløpsporteføljen og anleggsporlefølje blir verdivurdert etter ulike reglar og kvar for seg. Sjå note 1 og 2.

### **Obligasjonar og sertifikat**

Banken har obligasjonar definert som andre omløpsmiddel. Andre omløpsmidlar er vurdert til den lågaste verdi av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Obligasjonsbehandlinga er samansett i samsvar med krav til avkastning og risiko og er ein del av banken sin likviditetsbuffer. Forvaltninga av obligasjonsporteføljen er sett ut til ein profesjonell aktør. Bokføringa av verdipapirtransaksjonar blir utført av SpareBank 1 SMN som også fastset verkeleg verdi på dei einskilde obligasjonane og sertifikata. Dei nyttar prisar notert i marknaden.

## Aksjar og grunnfondsbevis

Aksjar og grunnfondsbevis er klassifisert som omløps- eller anleggsmidlar. Omløpsmidlar blir vurdert til den lågaste verdi av kjøpskost og verkeleg verdi. Grunnlag for verkeleg verdi for børsnoterte aksjar som er omløpsmidlar, er børskurs på måletidspunktet. Grunnlag for verkeleg verdi for ikke-børsnoterte aksjar som er omløpsmidlar eller anleggsmidlar, er kjøpskost. Dersom verkeleg verdi av aksjane klassifisert som anleggsmidlar faller under kjøpskostnad, og verdifallet er vurdert til ikke å vere av forbiligående karakter, blir aksjeverdien skrive ned. Nedskrivninga blir reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivninga ikke lenger er til stades.

## Investeringar i tilknytte selskap

Investeringar i tilknytte selskap blir vurdert etter kostmetoden. Kostmetoden medfører at aksjen blir balanseført til kostpris. Utbytte frå datterselskap blir inntektsført på det tidspunktet utbyttet er opptent.

## VARIGE DRIFTSMIDDEL OG IMMATERIELLE EIGEDELAR

### Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel blir vurdert i balansen til kjøpskostnad, med fråtrekk av ordinære bedriftsøkonomiske avskrivingar og eventuelle nedskrivingar. Nedskrivingar blir gjennomført i den utstrekning verkeleg verdi er lågare enn balanseført verdi. Då blir verdien skrive ned til verkeleg verdi. Sistnemnde er høgaste verdi av salsverdi og bruksverdi. Ordinære avskrivingar blir rekna på grunnlag av egedelen sin økonomiske levetid og eventuell restverdi. Følgjande lineære avskrivingssatsar blir lagt til grunn:

Tomter .....	0 %
Forretningsbygg .....	2,5-4 %
Inventar, maskinar og utstyr ..	10-30 %
Goodwill.....	10 %

### Pensjonsplikter og pensjonskostnader

Banken har ei ytelsesbasert ordning som vart lukka per 31.12.2006 for tilsette i tidlegare Øystre Slidre Sparebank og per 31.12.2007 for tilsette i tidlegare SpareBank 1 Hallingdal. For nyttilsette etter desse datoane er det oppretta ei innskotsbasert ordning. Sjå note 9. SpareBank 1 Hallingdal Valdres følger Norsk Regnskapsstandard for pensjonskostnader. Pensjonskostnadene er vurdert årleg gjennom aktuarbereking. Pensjonskostnadene blir bokført under personalkostnader i resultatrekneskapen. Differanse mellom berekna og påkome forpliktingar og verdien av pensjonsmidlane, korrigert for avvik i estimat og effekt av endra føresetnader, blir ført i balansen enten som langsiglig gjeld (dersom negativ) eller som anleggsmiddel (dersom positiv). Føresetnadane som blir lagt til grunn for utrekning av pensjonspliktene, blir revurdert årleg i forkant av årleg aktuarberekening. Enkelte parameter er endra frå 2011 til 2012. Differansen mellom plikter ved byrjinga og slutten av eit rekneskapsår, blir ført i resultatrekneskapen.

## SKATT

Skattar blir kostnadsført etter kvarter og er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt. Netto utsett skattefordel er berekna med 28 % på grunnlag av midlertidige forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar, som reverserer eller kan reverserast i same periode, er utlikna og nettoført. Årets skattekostnad omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endringar i utsett skatt og utsett skattefordel. Eventuelle endringar i utsett skatt og utsett skattefordel kjem fram som årets skattekostnad i resultatrekneskapen saman med betalar skatt for inntektsåret. Utsett skatt blir berekna på bakgrunn av forskjellar mellom rapporterte skattemessige og rekneskapsmessige resultat som vil bli utlikna i framtida.

## OMREGNINGSSREGLAR FOR VALUTA

Pengeposter i utanlandsk valuta er vurdert til kursen per 31.12.12.

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumar frå operasjonell drift av banken er definert som renter frå utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, netto inn- og utbetalinger frå utlåns- og innskotsverksemda, samt utbetalinger generert frå omkostningar knytt til banken si ordinære verksemd. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar. I tillegg blir kontantstraumar knytt til investeringar i driftsmiddel og eigedomar teke med. Finansieringsaktivitetar (funding) inneholder kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av obligasjonsgjeld og innlån frå marknaden.

## KONSOLIDERING

Konsolideringa som er lagt fram omfattar SpareBank 1 Hallingdal Valdres, samt banken sine heileigde datterselskap Valdres Regnskap AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS, SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS, HallingRegnskap AS, samt EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS. Interne føringar og mellomværande mellom banken og dei nemnde datterselskapene blir eliminert.

## LEASING-/FACTORINGAVTALER

Banken har ingen slike avtaler.

## Note 1: Obligasjonar og andre renteberande verdipapir morbank

Heile obligasjonsporteføljen er klassifisert som bankportefølje, og er børsnoterte verdipapir. Obligasjonar er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (børskurs 31.12) og kostpris. Porteføljeprinsippet er nytt. Ut frå dagleg gjennomsnittleg verdipapirbehaldning for obligasjonar / ansvarlege lån på kr 294 mill. utgjer avkastninga 3,04 %. Behaldninga av obligasjonar er sett saman slik:

<b>Obligasjonar/ansvarlege lån morbank</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Utstedt av det offentlege	57 132	
Utsedt av andre	263 724	284 056
Porteføljenedskriving		2 018
<b>Sum obligasjonar / ansvarlege lån morbank</b>	<b>320 856</b>	<b>282 038</b>
Overst��ende portef��je fordeler seg slik:	Risikovekt	Bokf��rt verdi
Utenlandske	0 %	52 129
Finansinstitusjonar OMF	10 %	170 822
Finansinstitusjonar	20 %	63 988
Industri	100 %	33 917
		<b>320 856</b>
		<b>282 038</b>

### Rentef  semd p   verdipapir

Verdiportef  ja til banken hadde ved slutten av   ret ei rentef  semd rekna til 385 ved 1 %-poeng renteendring.

Fastsett ramme for rentef  semd er 9 046 ved 1 %-poeng renteendring. Plasseringane er innanfor fastsett ramme.

### Ansvarleg l  nekapital

Ansvarleg l��n i kredittinstitusjonar	3 000	5 311
<b>Sum ansvarleg l��nekapital</b>	<b>3 000</b>	<b>5 311</b>

## NOTE 2: Aksjar, aksjefond og grunnfondsbevis

Behaldninga er klassifisert som bankportef  je (kortsiktig) og anleggsportef  je.

Behaldninga er vurdert til det lågaste av marknadsverdi (b  rsverdi 31.12) og kostpris for portef  ljane.

Nedskriving blir gjort dersom marknadsverdi for portef  len er l  gare enn kostpris.

<b>Aksjar:</b>	<b>Organisasjonsnr.</b>	<b>Antal aksjar</b>	<b>Bokf��rt verdi</b>
Aker solutions ASA	983738478	8 500	585
Atea ASA	920237126	9 943	396
Bakkafrost		8 689	410
BWG Homes ASA	988737798	38 000	675
Cermaq ASA	971647949	6 500	341
Clavis Pharma ASA A-aksjer	983733506	2 000	114
Copeinca ASA	990565791	12 436	494
Deep sea supply PLC		9 980	111
Det norske oljeselskap, A-Aksjer	989795848	1 050	82
DNB	981276957	30 959	1 928
Dolphin interconnect solution	996330923	20 000	108
Fred Olsen energy, A-Aksjer	977388287	2 835	612
Gjensidige forsikring ASA	995568217	7 532	444
Kongsberg gruppen, A-Aksjer	943753709	3 000	297
Ler��y Seafood group, A-Aksjer	975350940	3 489	410
Mar��ne Harvest ASA	964118191	62 000	263
Nordisk Areal Invest AS	991032517	28 200	2 820
Norsk Hydro ASA	914778271	24 775	867
Norwegian air shuttle	965920358	1 000	132
Orkla ASA	910747711	13 650	673
Petroleum Geo-serv.	916235291	10 000	759
Prosafe, A-Aksjer	977311225	9 741	409
Protector forsikring	985279721	45 000	392
Royal Caribbean cruise LTD, A-Aksjer		4 500	752

Schibsted, A-Aksjer	933739384	5 114	642
Seadrill limited		2 633	427
Siem offshore INC.		10 000	106
Statoil ASA	923609016	11 594	1 533
Subsea 7 S.A		11 561	1 084
Telenor ASA	982463718	15 550	1 208
TGS Nopec geophysical, A-Aksjer	976695372	4 500	431
Tomra systems, A-Aksjer	927124238	2 500	118
Vizrt		19 500	432
Wilh Wilhelmsen ASA	995216604	6 175	196
Yara international ASA	986228608	5 656	1 581
<b>Sum aksjar</b>			<b>21 832</b>
<b>Aksjefond :</b>			
BNPP L1 Equity World Emerging C C		1 622	5 663
Alfred Berg Global Quant	971103221	55 765	10 743
Alfred Berg Nordic Small Cap		2 804	3 810
Pluss Likviditet II, pengemarkedsfond	983900232	10 144	10 322
<b>Sum aksjefond</b>			<b>30 538</b>
<b>Grunnfondsbevis:</b>			
Kvinesdal sparebank	937894805	3 546	248
Hjelmeland sparebank	937896581	4 243	394
<b>Sum grunnfondsbevis</b>			<b>642</b>
<b>Porteføljenedskriving</b>			-
<b>Sum kortiktig plassering morbank</b>			<b>53 012</b>
	Organisasjonsnr.	Antal aksjar	Bokført verdi
Beitostølen Turistservice AS	971226692	100	20
Eiendomskreditt AS	979391285	4600	460
